

RAPPORT 12/21
UTREDNING OG ANALYSE



HRP

VINDAFJORDHALLEN

MOGLEGHEITSSTUDIE

«VINDAFJORD KOMMUNE»

JUNI 2021

TITTEL	RAPPORT 12/21 - VINDAFJORDHALLEN - MOGLEGHEITSSTUDIE
OPPDRAKSGIVER	VINDAFJORD
RAPPORTTYPE	FØREBELS RAPPORT / ENDELEG RAPPORT
UTARBEIDET AV	BIRGITTE RØKSUND, LINN KRISTIN ENGØ, JON GUNNAR AKASON, TORGRIM NONSLID ERIKSEN
KVALITETSSIKRET AV	SUSANNE SKOG BERG
PROSJEKTTYPE	MOGLEGHEITSSTUDIE
FORSIDE:	HRP

HRP AS
DRONNING EUFEMIAS GATE 16
0191 OSLO

INNHALDSFORTEGNELSE

1.	INNLEIING	1
1.1	MANDAT OG FORMÅL	1
1.2	BAKGRUNN	2
1.3	DAGENS EIERSKAP OG DRIFTSFORM	3
1.4	DAGENS BRUK OG INNTEKTSGRUNNLAG	1
1.5	TOMT OG REGULERINGSMESSIGE FORHOLD	2
1.6	BARNETAL I VINDAFJORD	4
1.7	TILRÅDINGAR I BARNEHAGE- OG SKULEBRUKSPLANEN	6
2.	BRUKAR- OG INNBYGGJARINVOLVERING	7
2.1	VURDERING AV INNSPEL	9
3.	INVESTERING OG DRIFT	10
3.1	ALTERNATIVE EIERSKAPS- OG DRIFTSFORMER	10
3.2	OVERORDNA VURDERING AV DRIFTSFORM	12
3.3	SPELEMIDLAR OG MOMSKOMPENSASJON	13
3.4	KONSEKVENSAAR VED VAL AV DRIFTSMODELL	18
4.	INTRODUKSJON TIL MODELL 0-4	20
4.1	DRIFTSFORM OG KALKYLER	20
4.2	ENERGIBEHOV, ENØK OG BRUK AV ALTERNATIV ENERGI	22
5.	GJENNOMGANG AV MODELL 0-4	25
	MODELL 0 – GJENREISING AV VINDAFJORDHALLEN	25
	MODELL 1 – GJENREISING AV VINDAFJORDHALLEN OG BARNEHAGE	30
	MODELL 2 – GJENREISING AV VINDAFJORDHALLEN OG OPPVEKSTSENTER	33
	MODELL 3 – INNKOMNE INNSPEL	40
	MODELL 4 – 4A, B OG C – ALTERNATIV LØYSING	46
6.	OPPSUMMERING OG VURDERING AV ALTERNATIVENE	55
6.1	FORSLAG TIL BRUK AV SYMJEHALL	58
7.	TILRÅDINGAR	60

1. INNLEIING

1.1 MANDAT OG FORMÅL

HRP fekk tildelt oppdraget med moglegheitsstudien 02.02.2021 etter løyve om midlar vart behandla i formannskapet.

Bakgrunnen for oppdraget er behovet for ei vurdering av gjenoppbygging av Vindafjordhallen som brann ned 22.7.2019. Bygget vart reist i 1993 og bestod i hovudsak av symjehall for Vindafjord kommune og bygdehus for bygda Vats. Vindafjord kommune er eigar av bygget og tomta. Det tidlegare partslaget Vindafjordhallen PL, no samvirkeføretaket Vindafjordhallen SA, har stått for den daglege drifta av hallen og bygdehuset sidan opninga.

I kommunestyresak 032/20 vart det gjort vedtak om at det skulle gjennomførast ein moglegheitsstudie for den nye Vindafjordhallen i Vats. Kommunestyresaka seier at moglegheitsstudien skal utarbeidast for å danna eit så godt som mogleg avgjerdsgrunnlag for kva innhaldet i bygget som skal reisast skal vera og kva driftskonsekvensane vil vera.

Vedtaket i kommunestyret vart som følgjer:

- 1. Det vert gjennomført ein moglegheitsstudie for den nye Vindafjordhallen i Vats.*
- 2. I studien skal ein vurdere framtidige behov som bygda og kommunen har, og korleis eit nybygg kan støtte dette. Det er naturleg å vurdere eit bygg med symjeanlegg og kultur-/bygdehus. Studien skal og vurdere om bygget kan ha fleire/andre funksjonar enn før.*
- 3. I prosessen skal ein invitere til medverknad frå innbyggjarar og interesseorganisasjonar knytt til både innhald, funksjon, moglege driftsformer og korleis drifta kan finansierast. Det kan vere aktuelt å gjennomføre brukarundersøking for å kartlegge behov hjå innbyggjarane.*
- 4. Studien skal estimere investeringskostnad ved ulike alternativ. Aktuelle samarbeidspartnarar bør kartleggast, både på investerings- og driftssida.*
- 5. Studien skal vera eit kunnskapsgrunnlag i prosessen fram mot endeleg vedtak om bygging av ny Vindafjordhall i Vats. Kostnadane ved studien vert dekkja av ubrukne tilskotsmiddel sett av til drift av Vindafjordhallen. Kostnadsramma for studien skal godkjennast av formannskapet.*

HRP har tatt omsyn til at kommunen er i ein utfordrande økonomisk situasjon, og dermed sett på berekraftige økonomiske løysingar. I tillegg har det vore viktig for HRP å finna løysingar som tar omsyn til utteljing med tanke på spelemidlar og momskompensasjon. Sjølv om oppdraget i hovudsak dreier seg om

vurderingar knytt til Vindafjordhallen, er det ikkje mogleg å vurdere besøksgrunnlag og behov utan å ta omsyn til at det eksisterar ein symjehall i Ølen.

Dei ulike modellane som blir vurderte i denne moglegheitsstudien er:

- 0 – Gjenreising av Vindafjordhallen
- 1 – Gjenreising av Vindafjordhallen med barnehage
- 2 – Gjenreising av Vindafjordhallen med oppvekstsenter
- 3 – Innkomne innspel
- 4 – Alternativ løysing

I samråd med Vindafjord kommune er det gjennomført utstrekt innbygger- og brukarinvolvering. Ei eventuell gjenoppbygging av Vindafjordhallen er ei stor avgjerd og ei betydeleg investering, og kommunen har vore opptatt av at flest mogleg innbyggjarar bør bli høyrd.

Innbyggjarinnvolveringa har på grunn av korona føregått digitalt via spørreskjema som har vore delt via heimesidene til kommunen, facebook og via grendautvala. Det er kom totalt 202 innspel frå innbyggjarar i Vindafjord kommune. Desse innspela er implementerte i rapporten, i tillegg til at dei er utarbeidde til modell 3. Innspela er i sin heilskap oversendt kommunen, slik at dei kan brukast som vidare avgjerdsgrunnlag. Brukarinnvolveringa har inkludert idrettslag, partssлага i Vindafjordhallen SA, styret i Vindafjordhallen SA og kommunen.

Moglegheitsstudien tar utgangspunkt i Norconsult sin rapport til Barnehage- og skulebruksplan, og tilrådingane som kjem fram av rapporten. Barnehage- og skulebruksplan blir etter planen lagt fram for kommunestyret i januar 2022. Dei ulike modellane er basert på framtidige barne- og elevtalsprognosar frå rapporten.

Vi vil takka Vindafjord kommune, Vindafjordhallen SA og idretten i kommunen for god dialog og nyttige innspel. Det er kommunen sitt mål å oppnå meir aktivitet og bedre folkehelsa for innbyggjarane i kommunen. Det målet håper vi moglegheitsstudien kan bidra til å nå.

1.2 BAKGRUNN

I kommuneplanen til Vindafjord kommune 2017-2029 står:

«I Vindafjord bur ca. 62 % av befolkninga i spreidd bygde strøk. Busetjinga er i hovudsak langs kystlinja og i større dalføre med samanhengande jordbruksareal. Som i andre kommunar rundt oss har bygder og område langs hovudvegnettet god befolkningsvekst, medan andre stadar har ei svakare utvikling. I mindre bygder er funksjonar som barnehage, skule, daglegvare og bygdahus sentrale knutepunkt og møteplassar

i nærmiljøet. Kommunen har barneskular i alle dei ni bygdene, medan ungdomsskule er lokalisert til Ølen, Vikedal og Skjold. Desse tre bygdene har òg større idrettsanlegg i form av idrettshall.»

SSBs befolkningsframskriving, som blir vist til i Kommuneplanen, viser at talet på barn og unge skal auka jamt og trutt i Vindafjord kommune fram mot 2034. I kommuneplanen er det ikkje gjort noko analyse knytt til kva dette vil ha å seie for behovet for idretts- og aktivitetsareal i kommunen eller fordelt på dei ulike bygdene.

Vindafjordhallen vart bygd i 1993 primært gjennom ein dugnadsinnsats frå lag og organisasjonar i bygda Vats. Bygget vart i hovudsak finansiert av ei pengegåve frå Norwegian Contractors etter at dei etablerte næringsverksemd på Raunes i «dåverande» Vindafjord kommune. Innbyggjarane i bygda fekk valet mellom idrettshall og symjehall – og folkeavstemminga resulterte i at dei bygde ein symjehall.

I Vindafjord kommune var det to kommunale symjeanlegg før Vindafjordhallen brann. Eit 25 meter-basseng i Vindafjordhallen og eit 12 meter-basseng i Ølen. Bassenget i Ølen er i hovudsak brukt til opplærings- og idrettsformål, medan Vindafjordhallen hadde noko breiare bruk som også inkluderar bedrifts- og publikumssymjing.

I Handlings- og økonomiplan for Vindafjord kommune 2021-24 er behovet for investeringar i oppvekstsektoren nemnt slik:

«Framover veit me at det kan komma kommunale kostnadar knytt til gjenoppbygging av Vindafjordhallen. Norconsult sin rapport om framtidig barnehage- og skulestruktur peikar og på at det vil vere naudsynt med store investeringar i oppvekstsektoren, uavhengig av kva strukturalternativ som vert vald, både av byggetekniske og pedagogiske omsyn.»

1.3 DAGENS EIERSKAP OG DRIFTSFORM

Før hallen brann vart den drifta av Vindafjordhallen SA (samvirkeforetak), og eigd av Vindafjord kommune. Samvirkeforetaket består av partslag som er tildelt stemmer i organisasjonen basert på ein utrekning av kor mange dugnadstimer dei la ned i bygginga av hallen. Desse utgjer representantskapet og velgjer styret. Styret består av følgende partslag:

- Vats Bondelag
- Vindafjord hagelag
- Vats Musikkorps
- Vats Pensjonistlag
- Freidig 4H
- Vindafjord skyttarlag
- Vats Ungdomslag
- Vats Båtforening
- SK Vats
- Vats Grendalag
- Vats Bygdekvinnelag

Styret har overordna ansvar for drift, saman med dagleg leiar. Vindafjordhallen SA har bestått av ein dagleg leiar, tilsette symjevakter og ein frivillig som også har utført rørleggjaroppgåver.

Samvirkelaget var i tida før hallen brann i dialog med kommunen vedrørande moglegheita for å nytta avtalane til kommunen/personell knytt til eksempelvis straum og vaktmeistertjenester. Dagens styreleiar og dagleg leiar understrekar at den typen utgifter har vore krevjande for hallen. Det har heller ikkje alltid vore populært i samvirket at dei har drifta kommunen «sitt» symjebasseng. Det har tidvis vore felles rekneskap for symjehallen og bygdehuset, og overskot frå andre aktivitetar har i følgje samvirkeføretaket vore brukt til symjehallen. Løpande vedlikehald av symjehallen og bygdehuset har samvirket gjennomført, medan kommunen har betalt 1,5 mill. i driftsstøtte og bidratt til større vedlikeholdsprosjekt.

Samvirkeføretaket har freista å auka besøket i symjehallen gjennom fleire ulike tiltak. Det eksisterar ikkje gode kjelder for besøkstal. Desse var tatt vare på i papirformat i hallen og på ein stasjonær PC, og brann dessverre inne. I følgje samvirkeføretaket har det dei siste åra vorte satsa på pensjonistsymjing, babysymjing, bading for personar med nedsett funksjonsevne og idretten. SK Vats har bygga eit stort fotballanlegg aust for hallen. Samtidig starta dei ein symjeklubb med symjeopplæring, og bidrog til meir aktivitet i symjehallen. I tillegg til dei nemnde aktivitetane er hallen leigd ut til barnehagane og skulane til kommunen som har gjennomført symjeopplæring i Vindafjordhallen. Idretten og kommunen har betalt for bruk av hallen, men kommunen har fått noko lågare prisar. Symjehallen har òg vore utleigd til bursdagar, med og utan badevakt, og til bedriftane i kommunen som har betalt symjing for sine tilsette. Symjehallen har vore open for publikumsbading tysdag, torsdag og søndag, i tillegg til onsdag føremiddag.

I ein søknad frå Vindafjordhallen SA til Vindafjordkommune om stønad til ekstraordinære utgifter i Vindafjordhallen frå 3. juni 2015 kjem det fram at samvirkelaget meiner drifta av symjeanlegget fram til då har vore i samsvar med vedtektene for utbetaling av spelemidlane hallen fekk til bygginga.

Samvirkelaget skriv blant anna:

«På dei 22 åra som symjehallen har vore open, er det fleire tusen born i Vindafjord som har lært å symja i Vindafjordhallen. I vinter og vår har alle 9 skulane i Vindafjord hatt symjeundervisning her. I tillegg til offentleg bading 4 dagar i veka har og ein del av dei største bedriftene i Vindafjord avtale om bading for sine tilsetja. Vindafjordhallen er ein viktig idretts-, mosjons- og kulturinstitusjon i kommunen. Symjehallen blir brukt av alt frå små babyar til folk i 90-åra.»

1.4 DAGENS BRUK OG INNTEKTSGRUNNLAG

Bruken av symjehallen har vore reieigjort for gjennom brukarmøter med Vindafjordhallen SA.

Tabellen på neste side synleggjer korleis symjehallen har vore brukt i perioden før den brann:

Innleiing 1

	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
07.00-08.00	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige
08.00-09.00	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige
09.00-10.00	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige
10.00-11.00	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige
11.00-12.00	Utleige	Utleige	Familie*	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige
12.00-13.00	Utleige	Utleige	Familie*	Utleige	Utleige	Utleige	Familie*
13.00-14.00	Utleige	Utleige	Familie*	Utleige	Utleige	Utleige	Familie*
14.00-15.00	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Familie*
15.00-16.00	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Utleige	Familie*
16.00-17.00	Utleige	Utleige	Utleige	Pensjonist**	Utleige	Utleige	Utleige
17.00-18.00	Utleige	Familie*	Utleige	Familie*	Utleige	Utleige	Utleige
18.00-19.00	Idrett	Familie*	Utleige	Familie*	Utleige	Utleige	Utleige
19.00-20.00	Idrett	Vaksen	Utleige	Vaksen***	Utleige	Utleige	Utleige
20.00-21.00	Idrett	Vaksen	Utleige	Vaksen***	Utleige	Utleige	Utleige

*Familie syner til familiebading som i praksis inneber publikumssymjing.

**Pensjonist syner til pensjonistbading som i praksis inneber publikumssymjing.

*** Vaksen syner til vaksensymjing som i praksis inneber publikumssymjing.

Utleige må her forståast som alle andre aktivitetar enn dei definerte. Døme kan vera bedriftssymjing, bursdagar og liknande. Det er likevel ikkje slik at svømmehallen defacto var utleidd i tidsromma som er merka "utleige", men det var moglegheit for å leiga svømmehallen i desse tidsromma.

Det har ikkje lukkast HRP å innhenta eit godt oversyn over besøksande i symjehallen. I følgje Vindafjordhallen SA var besøksande registrert på ein stasjonær PC som dessverre brente ned med hallen.


1.5 TOMT OG REGULERINGSMESSIGE FORHOLD

Kartutsnittet under viser den aktuelle tomta, Gnr. 110/ Bnr. 31, der Vindafjordhallen lå. Tomta er eid av Vindafjord kommune tomt. Storleiken på tomta er 9270 kvm².

Gjeldande planar på området:

- Kommuneplanens arealdel 2017-2029, omsynssone H910.
- Reguleringsplan «Utvida og endra reguleringsplan for Vatne, Nedre Vats, Vindafjord kommune» Plan-ID: 1160-90-08. Ikrafttredelsesdato: 21.08.1990

Detaljar frå reguleringsføresegner: Området skal nyttast til skulebygg, symjehall og andre offentlege føremål som høyrer naturleg saman med dette.



Tillat bygd ut areal, BYA= 40%

Max. Byggehøyde er 2 høgder + innreia loft

Max. Gesimshøgde = 6 meter.


Nord-aust for tomta, til ovanfor fotballbanen og hallen ligg eigedomen 110/32. Denne grensar også til kyrkja. Ideelt sett burde den vore ein del av ei heilhetleg utvikling rundt Vindafjordhallen. Tomta er seld til aktørar som ynskjer å realisera eit

menighetshus/forsamlingslokale. Ein klausul i kjøpskontrakten seier at bygg på tomten ikkje kan konkurrera med eit bygdehus på Vindafjordhalltomta.

Aternativa 1-4 som vert utreda i denne rapporten vil avvike frå krava i reguleringsplanen. Særleg gjeld dette alternativa som nødvendigvis må innebere meir bygningsmasse enn 0-alternativet på grunn av fleire funksjonar og/eller høgare høgde enn reguleringsplanen legg opp til. Der kor modellen avvik, og ein utbygging vil krevje anten ny regulering eller ein dispensasjon frå gjeldande plan er dette redegjort for innleiingsvis.

Det er i praksis berre underetasjen som er igjen etter at symjehallen brann. Det originale bygget bestod av både ein symjehall (plaskebasseng og 25x13m-basseng) og eit «bygdehus» bestående av kafeteria, store fellesareal, salar og fritidsklubb-lokalar. Totalt utgjorde bruksareal 2 543 m², dette er nærmare detaljert i romprogram for «Modell 0».

I sluttfasen av mogleighetsstudien gjekk kommunen til innkjøp av nabetomta til Vindafjordhallen (Saudavegen 6971, gards- og bruksnummer 110/27):



Dette er eit betydeleg areal med stort potensiale for utnytting i samband med ei utbygging på Vindafjordhallen-tomta. Eit større tomteareal knytta til dette prosjektet vil utan tvil kunne bidra til ei meir stadsstilpassa utbygging, meir luft mellom bygga og langt betre uteopphaldsareal enn det som er plass til i dei mest omfattande modellane. Ein kan sjå for seg at eigedommen anten kunne vore brukt til bygdahus eller til uteareal for barnehage/skule. Med justeringar av vegsystemet kunne ein fått ein heilt annan samanheng og kvalitetsmessig utbygging på dei dei to tomtene. Det har likevel vore for lita tid til å vurdera eventuelle nye volum og modellar, men det blir anbefalt at kommunen vurderer korleis ein kan sjå dei to tomtene i ein samanheng.

1.6 BARNETAL I VINDAFJORD

Befolkningstalet i Vindafjord kommune per 4. kvartal 2020 er 8705 innbyggjarar. SSB sine oppdaterte tal førespeglar kommunen ein nedgang i innbyggjartal fram til 2030, og reknar med at kommunens totale innbyggjartal då er 8585. I 2020 er tal på barn under 18 år etter SSB sine berekningar 1956.


Norconsult sine berekningar i Barnehage- og skulebruksplan for Vindafjord kommune er derimot positive samla sett, men med ei større stipulert nedgang i barnetal for Vats. Dei skriv følgjande i planen:

«Norconsult sin prognose i aldersgruppa 1- 5 år prognostiserer ein nedgang på omlag 60 barn frå 2019 til 2024, deretter vil barnetalet auka gradvis frå 2025 til 2035, med om lag 60 barn. I perioden 2014-2019


Innleiing 1

var det ein nedgang på om lag 30 barn i aldersgruppa 1-5 år. Den største nedgangen har vore i Vats krins.»

Barnetallsprognosane for aldersgruppa 1-5 år i kommunen illustrerast slik i rapporten frå Norconsult:



For Vats krins estimerer dei at barnetallsutviklinga for barn mellom 1-5 år vil vera slik:



1.7 TILRÅDINGAR I BARNEHAGE- OG SKULEBRUKSPLANEN

Vindafjord kommune har tre ungdomsskular, ni barneskular og sju barnehagar. Tre av skulane er kombinerte barne- og ungdomsskular, og tre av skulane er kombinerte barnehagar og skular. Det er til saman tretten einingar spreidd i kommunen. Utgangspunktet for barnehage- og skulebruksplanen som er utarbeidd av Norconsult er ei kartlegging av barnehage- og grunnskuletenestene, med framskriving av behov og vurdering av tiltak.

Norconsult foreslår i framlegget sitt til barnehage- og skulebruksplan at Øvre Vats barnehage bør leggjast ned i løpet av 1-5 år. Dei foreslår òg at skulen i Vats bør leggjast ned. Samtidig skriv dei at dei «(...) vurderer at skuleanlegga i Vats og Bjoa bør rivast og erstattast som nybygg om kommunen vel å vidareføre skuletilbod her. I Vats vert det tilrådd å byggje eit oppvekstsenter kor skule og barnehage er samlokalisert, dersom dagens skule- og barnehagestruktur skal vidareførast.»

Etter ei samla vurdering tilrår Norconsult at Vindafjord kommune legg til grunn strukturmodell 2 – med tre kombinerte skular - Skjold (inkl. Vats og Vik), Ølen (inkl. Bjoa og Vågen), Vikedal (inkl. Imsland og Sandeid).

Sidan kommunestyret ikkje har tatt stilling til framlegg til barnehage- og skulebruksplan, og vidare behandling er utsett i vente på høve til å arrangera folkemøte, har ein i denne rapporten tatt utgangspunkt i eksisterande barnehage- og skulestruktur. Det inneber at alternativ som vurderer Vindafjordhallen samlokalisert med barnehage og/eller skule då vurderer erstatningar for Øvre Vats barnehage og Vats skule, med utgangspunkt i barnetala som Norconsult har kome fram til i rapporten sin.


2. BRUKAR- OG INNBYGGJARINVOLVERING

Det er gjennomført ei brei involvering av både innbyggjarar og brukarar. Innbyggjarinnvolvinga har på grunn av korona føregått digitalt via spørreskjema som har vore delt via heimesidene til kommunen, facebook og via grendautvala. Målet var å få inn flest moglege innspel frå innbyggjarane, og born og unge vart særleg oppfordra til å kome med sine synspunkt. Følgjande spørsmål vart stilt:

- Kva forventar du av utforming, innhold og tenester i nye Vindafjordhallen?
- Kva meiner du mangla i den førre Vindafjordhallen som ville gjort at du i større grad nytta deg av tilboda i hallen/bygdehuset?
- Er det noko me bør være særleg oppmerksame på i utarbeidinga av moglegeheitsstudien, eller som kommunen må ta omsyn til i vidare planlegging?

Totalt kom det 202 innspel frå innbyggjarar i Vindafjord kommune. Innspela er i sin heilskap oversende kommunen og lagt ved denne rapporten, slik at dei kan brukast som vidare avgjerdsgrunnlag.

I figuren under er det vist ei oversyn av innspela til innbyggjarane. For enkelthets skuld er liknande ønske slått saman. Til dømes vil "klatrevegg", "buldring" og "klatring" visast som "klatrevegg" i figuren. Figuren gir eit overblikk over dei mest nemnde innspela, men er ikkje uttømmmande. I vedlagt excel-fil finst ei anonymisert oversyn over alle innspela som er komne gjennom innbyggjarundersøkinga.



Ønska frå innbyggerane er i stor grad attgitt i tabellen ovanfor. Ein stor del av innspela understrekar at Vindafjordhallen bør byggast opp som han var, men med ulike utvidingar og forbetringar - og at plasseringa bør vera i Vats. Det har for HRP vore særleg viktig å få innblikk i Vats-bygda sitt perspektiv i denne moglegheitsstudien, og innbyggerane i bygda har aktivt vorte oppfordra til å komma med innspela sine. Derfor er resultatet av innbyggerinnvolvinga ikkje overraskande. Likevel er det enkelte som meiner at det viktigaste er omsynet til symjetilbodet i heile kommunen, og meiner at ein må sjå symjetilbodet i ein samanheng.

Det er tydeleg at innbyggerene som har svart på undersøkinga er særleg opptatt av Vindafjordhallen som arena for fellesskap og samhald i Vats-bygda. Bygdahuset har vore hjartet av Vats-bygda og mange saknar ein stad å møtast. Det blir frå fleire understreka kor viktig det er med kafé, møterom og fellesareal som kan brukast både til å møtast uformelt, og til å halda små og store arrangement.

Fleire nemner behovet for kafé som døme på eit forsamlingslokale. I tillegg ønsker mange seg kino og klatrevegg/klatrehall. HRP oppfattar dette som eit ønske om fleire aktivitets- og opplevelsesbaserte møteplassar lokalt i Vats. Vats har få eller ingen publikumsretta funksjonar og det er eit tydeleg ønske om å tilføra bygda dette. Samtidig understrekar enkelte at publikumsretta funksjonar bør plasserast i regiondelssentre - altså Ølen, for å vera tilgjengeleg for flest mogleg med kortast mogleg køyretid.

Utforming og arkitektur blir trekt fram som eit viktig poeng frå fleire. Inngangsområdet og sjølve utforminga av bygget synest ikkje å ha vore optimal, og her meiner fleire det er eit betringspotensiale. Dette handlar mellom anna om samanhengen i dei ulike areala, plassering av lager, tilgang på personheis og matheis, og dessutan overgangen frå inngangsområdet til symjehallen.

Enkelte er opptatt av kva sambrukspotensiale som finst med tanke på barnehage, skule og helsesymjing. Behovet for universell tilrettelegging, gode HC-garderober og følgjegarderober blir trekt fram av fleire. I tillegg verkar det som om enkelte har meint at vasstemperaturen i den tidlegare Vindafjordhallen ikkje var godt nok tilpassa ulike brukargrupper, og det blir framheva som eit viktig poeng for ein ny hall.

Brukarinnvolvinga har inkludert idrettslag, partsslaga i Vindafjordhallen SA, styret i Vindafjordhallen SA, og Idrettsrådet i Vindafjord. Det er gjennomført brukarmøter med dei fleste aktuelle brukarar, og dei er i tillegg oppfordra til å benytte seg av innspelsmoglegheiten som innbyggjar eller sende direkte innspel på mail. I tillegg er det sendt ein førespurnad til alle skular i kommunen og alle grendalagene med spørsmål om dei kan formidla spørreskjemaet til elevane sine, tilsette og medlemmer. I brukarmøta vart òg behovet for å nå ungdommar i kommunen understreka. Sidan det var eit uttalt mål å få innspel frå barn og ungdommar har det vore verdifullt at fleire enn kommunen sjølv har delt lenka.

2.1 VURDERING AV INNSPEL

Både gjennom innbyggjarinnspel og brukarinnspel er det komme ei lang rekke meir eller mindre detaljerte ønske til ein ny Vindafjordhall. Til dømes er det komt ønske om vannsklie, meir funksjonelt kjøkken, vedlikehaldsfrie materialar, skaplass for alle partsslag, skohyller i garderober, betra brannvern etc. Denne moglegheitsstudien skal berre visa eit overordna romprogram, planløsning og plassering på tomta. Innspel knytte til romstørrelser og andre funksjonar i bygget blir vurdert. Det er til dømes gitt fleire innspel knytt til storleik på kjøkken, universell utforming, storleik på lagerrom, garderober i tilknytning til scena, osv. Ei full oversikt over alle innspel vil som nemt vedleggast moglegheitsstudien. Dette kan vera nyttig å nytta i ein eventuell vidare prosess med prosjektering.

Fleire etterlyser bibliotek i eit nytt bygdaus. Vindafjord kommune har ikkje lenger desentraliserte bibliotek i kommunen, men eitt sentralt i Ølen og elles bok i butikk. Ei eventuell vurdering av å leggja om bibliotekstrukturen i kommunen krev ein større gjennomgang av behov og ønsker enn denne moglegheitsstudien har rom for. Det blir derfor vurdert som formålstenleg at kommunen i denne omgangen ikkje bygger ut bibliotek som ein del av prosjektet.

Dei ulike modellane som blir vurderte tar opp i seg ynskjer frå innbyggjarane der rammene for moglegheitsstudien gjer det mogleg. Modellane 0-2 er til ei viss grad førehandsdefinerte med tanke på innhald, men her er innspel knytt til arealbruk til ein viss grad hensyntatt. Modell 3 baserer seg i størst mogleg grad på innspel frå innbyggjar- og brukarinvolvering, og tar opp i seg ei lang rekke sentrale innspel. Modell 4 tar utgangspunkt i HRPs faglege vurderingar, men også her vil ein sjå at innspela frå innbyggjar- og brukarinvolveringen er tatt omsyn til.

3. INVESTERING OG DRIFT

Lov om offentlege anskaffelsar slår fast at pliktsubjekta i lova (statlege, fylkeskommunale, kommunale myndigheiter og offentlegrettslege organ) må følgja formuleringane i lova om konkurranse. I praksis inneberer dette at ein kommune som ikkje sjølv skal driva eit tilbod må vurderer om drifta bør anbudsutsettast. Det kan teoretisk sett eksistera andre aktørar som kunne tenkje seg å drifta eit tilbod, og såleis må omsynet til konkurranse sikrast. I dette kapitlet ser vi på alternative løysingar for eigarskap, og drift.

3.1 ALTERNATIVE EIERSKAPS- OG DRIFTSFORMER

Det er i all hovudsak tre ulike eigarskapsmodellar som skulle vurderast for dei ulike alternativa. Kommunal utbygging, privat utbygging og offentleg-privat samarbeid (OPS). Begge dei to sist nemte modellane føreset at ein eller fleire private aktørar ynskjer å delta i eller bidra til utbygginga.

For å vurderer kva driftsform som er mest formålstenleg for Vindafjordhallen må ein òg vurderer bruken. Som vist til i vurderinga av momskompensasjonsordninga (kapittel 3.2) kan driftsform – og fordeling av tid i hallen påverke om kommunen kan søka momskompensasjon innanfor reglementet.

Heilt overordna kan ein seia at det er to hovudtilnærmingar til driftsform, som ein bør avklara før ein vurderer driftsmodell. Dei to driftsformene kan delast opp i ikkje-kommersiell driftsform og kommersiell driftsform.

Ikkje-kommersiell driftsform inneberer i hovudsak at kommunen sjølv driftar hallen eller at den driftast av eit kommunalt selskap/føretak utan mål om profitt. Den ikkje-kommersielle driftsforma vil soleis innebere at drift av symjehallen vert subsidiert – etter som *inntektene* frå publikums- og bedriftssymjing ikkje skal overgå *utgiftene* knytt til publikums- og bedriftssymjing. Skulesymjing vert gjennomført som normalt i hallen, idretten får tildelt tid og publikumssymjing og bedriftsavgifter utgjer eit minimum av symjehallens totale opningstid.

Kommersiell driftsform kan innebere at kommunen leiger eller sel bygget til nokon som driv symjehallen etter same prinsipp som anna næringsverksemd. Etter Lov om offentlege innkjøp §2-§5 skal statlege, kommunale og fylkeskommunale myndigheiter og offentlegrettslege organ leggja til rette for at innkjøp så langt det er mogleg blir baserte på konkurranse. Lova gjeld innkjøp av varer, tenester og bygge- og anleggsarbeidar som kan bli gjort av dei nemnte offentlege oppdragsgivarane. Det einaste unntaket nemnt i lova er innkjøp som kan unntakas etter EØS-avtalen artikkel 123 (av omsyn til rikets sikkerheit).

Drifta av ei symjehall må med andre ord anbudsutsettast for å vera i tråd med Lov om offentlege innkjøp. Det vil i dei fleste tilfelle innebere at kommunen betalar ei betrakteleg leigesum til driftsaktørane for

skulesymjng og eksempelvis helsesymjng. Samtidig vil kommunen ha høve til å krevje at ein eventuell leigetakar syter for vedlikehald, i tillegg til dagleg drift.

KOMMUNAL DRIFT

Som nemt er ein mykje brukt ikkje-kommersiell driftsform at kommunen sjølv driftar symjehaller. Vår erfaring tilsier at det i all hovudsak er den driftsforma som krev minst oppfølging og administrasjon, og som overordna gir kommunen best moglegheit til kontroll med verksemda. Samtidig krevjer kommunal drift at ein har personell med kompetanse – eller personell med ønske om å opparbeida seg kompetansen som skal til. Ettersom det eksisterer personar med kompetanse på svømmehalldrif i kommunen i dag, reknar vi med at det vil vera uproblematisk om desse eventuelt må tilsetjast i kommunen ved ei kommunal drift av svømmehalldelen i Vindafjordhallen.

Ei kommunal drift vil gjera den folkevalde styringa av Vindafjordhallen enklare, og krevja at kommunestyret vedtar overordna vilkår for drifta, som til dømes billettprisar og opningstidar.

KOMMUNALT FORETAK (KF)/INTERKOMMUNALE FORETAK(IKF)

Kommunalt føretak (KF) er eit omgrep som blir brukt for ei selskapsform for verksemder som er eigd av ein eller fleire norske kommunar. Føretak blir styrt via eit styre og ein administrerande direktør.

Styresmakta for tenesta som føretaket har ansvar for er delegert til styret i føretaket, men kan trekkast tilbake av kommunestyret. I motsetning til kommunale aksjeselskap gir ikkje kommunale føretak eigaren, altså kommunen, noko avgrensing i økonomisk ansvar.

KOMMUNALT AKSJESELSKAP

Eit kommunalt aksjeselskap (AS) vil regulerast i samsvar med Aksjelova. Dersom Vindafjord kommune ikkje har kapasitet eller ynskje om å ansette personell til å sjølv drifte symjehallen kan ein vurderer å opprette eit kommunalt eigd driftsselskap. Eit eksempel på et slik føretak er AdO arena drift AS, som er eit selskap som er heileigd av Bergen kommune. AdO arena og Nordnes Sjøbad driftast av AdO arena drift AS. Den til einkvan tid sitjande byråd for barnehage, skole og idrett utgjer generalforsamlinga i selskapet, medan bystyret i Bergen utfører eigarkontroll med selskapet og fastsett pris og prisstruktur for symjeanlegget. Dagleg drift, utvikling og arrangement vert utført av selskapet.

I følgje rettleiar til offentlege innkjøp frå regjeringa er det det offentlege organet sjølv, i dette tilfellet Vindafjord kommune, som sjølv avgjer om ei yting bør utførast i eigenregi eller om det bør lysast ut eit anbod og inngåast avtale med ein ekstern aktør. Om ein er omfatta av regelverket for offentlege innkjøp vil blant anna vera avhengig av ei vurdering av kontraktsmessige villkår.

For at unntaket for eigenregi skal var gjeldande for to juridisk sjølvstendige aktørar som inngår ein kontrakt, er det to vilkår som må vera oppfylt:

oppdragsgjevar må utøva ein tilsvarande kontroll over leverandørselskapet som over eiga verksemd den vesentlege delen av aktiviteten til leverandøren må vera knytt til den kontrollerande oppdragsgivaren. Eit tydeleg vilkår formulert i regjeringas rettleiar er at oppdragsgjevar (i dette tilfellet Vindafjord kommune) må kunne påverke verksemdas avgjerder. Innflytelsen frå oppdragsgjevar må være bestemmande både i knytt til selskapets strategi og deira viktige avgjerder.

SAMVIRKEFORETAK

Hovudformålet i eit samvirkeforetak er å fremma dei økonomiske interessene til medlemmene. Sentralt i dette ligg at medlemmene gjennom samhandling får oppfylt deira interesser, enten som tilsett, leverandør eller kunde hos samvirkeforetaket. Behovet til medlemmene for samhandling er viktigare enn at foretaket går med mest mogleg overskot.

Hovudformålet om å fremma dei økonomiske interessene til medlemmene blir tolka vidt.

Samvirkeforetak kan til dømes nyttast av samanslutninger av personar som i ulik grad driv næringsverksemd. Dette betyr at til dømes veglag eller eit grunneigarlag er eigna som eit samvirkeforetak sjølv om den økonomiske verksemda ikkje blir sett på som stor.

3.2 OVERORDNA VURDERING AV DRIFTSFORM

Etter vår vurdering har Vindafjord kommune i praksis tre val når det kjem til drift: Det eine er å drifte symjehallen ved hjelp av personell frå eigen organisasjon. Vi føresett at det vil vera mogleg med ein viss form for samdrift med symjebassenget i Ølen. Det andre alternativet er å lyse ut eit anbod for sjølve drifta av hallen. Her vil Vindafjordhallen SA, gitt at dei er kvalifisert, kunne levere eit tilbod på lik linje med andre eventuelle aktørar i marknaden. Med denne løysinga vil òg idrettslag eller andre aktørar kunne levere tilbod ved ein eventuell anbodskonkurranse. Det tredje alternativet er å opprette eit kommunalt foretak eller eit kommunalt eigd aksjeselskap (som AdO arena drift AS) som får ansvar for å drifte bassenget.

Lov om offentlige anskaffelser slår fast at pliktsubjektene i loven (statlege, fylkeskommunale, kommunale myndigheiter og offentlegrettslege organ) må følgje formuleringane i lova om konkurranse. I praksis inneber dette at andre aktørar enn kommunen sjølv ikkje kan drifte symjehallen utan at sjølve drifta vert anbudsutsatt. Det kan teoretisk sett eksistere andre aktørar som kunne tenkje seg å drifte symjehallen.

Etter vårt syn er det lite sannsynleg at dagens organisering med ein kontrakt om drift mellom Vindafjord kommune og Vindafjordhallen SA er i tråd med reglene om offentlege innkjøp. I tråd med Lov om samvirkeforetak har alle medlemmane stemmerett. Vindafjordhallen SA består av lag og organisasjonar i Vindafjord kommune. Det er dermed uklart i kor stor grad kommunen kan utøve kontroll over samvirkelaga og om deira innflytelse er bestemmande knytt til strategien til selskapet og deira viktige

avgjerder. Det å tildele drift av hallen og tilhøyrande billett- og leigeinntekter til Vindafjordhallen SA utan ein offentlig anbodskonkurranse er ikkje i tråd med reglene for offentlege innkjøp, all den tid verdien av arbeidet totalt sett er over terskelverdien på 1,3 mill. kr, og kommunen ikkje sjølv har styringsrett gjennom Vindafjordhallen SA.

Samtidig vil som nemnt både Vindafjordhallen SA og eventuelle aktuelle idrettslag kunne levera tilbod dersom kommunen lyser ut ein anbodskonkurranse for drifta. I så fall vil kommunen måtte sikra at drifta er i tråd med regelverket for spelemidlar og momskompensasjon. Sjølv om ein annan aktør skulle overta drifta er det kommunen som har plikt til å sikra at drifta er i tråd med relevante lover og reglar. HRP er ikkje kjent med idrettslag som driv svømmehaller gjennom ei slik ordning, men dersom kommunen sjølv ikkje ønsker å drifta tilbodet kan det vurderast som ei løysing.

Det har ikkje lukkast HRP å identifisera private aktører som ynskjer å bidra finansielt til sjølve utbygginga av Vindafjordhallen. Det er naturleg å tenkje at ei heilprivat utbygging inneber privat drift av svømmehallen. Det har ikkje lykkast HRP å identifisera verken inntektsgrunnlag for privat drift eller private aktørar med ynskje om å driva ein kommersiell svømmehall. Vår tilråding er at kommunen held moglegheita for private bidrag eller gåver ope, men planlegger for ei kommunal utbygging.

3.3 SPELEMIDLAR OG MOMSKOMPENSASJON

I dette kapittelet vil vi sjå særleg på momskompensasjon og spelemidlar. For å vurdere potensialet for momskompensasjon og spelemidlar er det nødvendig å sjå på driftsmodell, besøkstal og inntekter, sidan desse elementa heng uløseleg saman.

Inntektstala under er formidla til HRP frå Vindafjordhallen SA:

ÅR	FRITT BASSENG	UTLEIGE
2016	216 279	242 670
2017	261 403	203 420
2018	280 156	257 390
2019 (første halvdel)	127 010	132 240

Med fritt basseng menes publikumssvømming. Utleige til bursdager, andre arrangement og bedrifter ligg i kategorien utleige. Driftstilskot på 1,5 mill. kr frå kommunen kjem utanom.

3.3.1 MOMSKOMPENSASJONSORDNINGEN

I samsvar med meirverdiavgiftlova blir det ytt kompensasjon for meirverdiavgift til kommunar, fylkeskommunar og visse private og ideelle verksemder. Kompensasjonsordninga omfattar òg bygging av symjehaller med visse unntak:

§4.3. For meirverdiavgift på innkjøp til bygg, anlegg eller annan fast eigedom for sal eller utleige.

Og

§4.4.4. Når verksemder som nemnt i § 2 første ledd bokstav a og b driv økonomisk aktivitet og denne aktiviteten kan vera i konkurranse med verksemder som ikkje er kompensasjonsberettiget.

§ 2 første ledd bokstav a viser mellom anna til kommunar. Dette inneber at kommunen for å kunna vera berettiget momskompensasjon verken kan tilrettelegga for utleige eller økonomiske aktivitetar som kan tenkast å vera i konkurranse med private verksemder.

Det har i lengre tid hefta uvisse knytt til momskompensasjon ved kommunale symjeanlegg. Denne uvisse freista KS å få klarheit i gjennom ein førespurnad til Finansdepartementet. 27. januar 2020 sendte KS brevet «Merverdiavgift ved bygging og drift av kommunale symjeanlegg» til Finansdepartementet. Gjennom brevet søkte dei å få belyst og avklart følgande:

KS ber om at Finansdepartementet, med utgangspunkt i denne henvendelsen, gjennomgår praktiseringen av merverdiavgiftsregelverket for kommunale symje- og idrettsanlegg. Gjennomgangen bør ha forenkling som siktemål, samtidig må praktiseringen av regelverket legge til rette for best moglig samfunnsmessig utnyttelse av slike anlegg.

Utfordringa for kommunane som huser dei rundt 800 symjeanlegga i Norge har vært praktiseringa av Lov om kompensasjon av meirverdiavgift for kommunar, fylkeskommunar mv., knytt til symjehaller. Med medhald av Meirverdiavgiftslova §3-2 til §3-8 er ein rekke idrettsrelaterte tenester unntatt frå lova:

§ 3-8: Omsetning av tjenester i form av adgang til enkeltstående idrettsarrangement er unntatt fra loven. Med enkeltstående idrettsarrangement menes idrettsarrangement som av den enkelte arrangør ikke blir arrangert meir enn ein gang per år, og ikkje i to eller fleire år på rad. Det er eit vilkår at avgiftssubjektet ikkje er registreringspliktig for tjenester som gir noen rett til å overvære idrettsarrangementer.

Omsetning av tjenester i form av rett til å utøve idrettsaktiviteter er unntatt fra loven. Unntaket omfatter ikkje omsetning og utleige av retten til å benytte idrettutøvere fra andre enn idrettslag mv. hvis idrettstilbud hovedsakelig er basert på ulønnet innsats.

Det har etter dommen i den sokalla Lustrabadet-saka herska ei viss usikkerheit i kommune-Norge knytt til korleis dei no skal forhalda seg til lovverket om momskompensasjonsregelverket.

KS ber i brevet av 27. januar 2020 om at «*Lovverket bør samtidig praktiseres på en måte som legger til rette for best mogleg samfunnsøkonomisk utnyttelse av kommunale investeringer. I dei fleste kommunar er bygging av nye symjeanlegg drevet at kommunenes lovpålagte ansvar for å gi symjeundervisning og skape aktivitet som kan styrke folkehelsa. Praktiseringen av kompensasjonsregelverket bør i sterkare grad enn i dag vektlegge eit slikt utgangspunkt.*»

Utfordringa for ei rekke kommunar er i følge KS knytt til at tida symjeanlegga er ope for publikumsbading ikkje gir rett til momskompensasjon for kommunane. Årsaka til dette handlar om at ein vurderer publikumsbading som ein økonomisk aktivitet, altså ein aktivitet som potensielt er i konkurranse med andre private fritidstilbod. Paradokset er at ein kommune som held symjeanlegget stengt på kveldstid vil bli tilmålt kompensasjon for 100 prosent av den inngåande meirverdiavgifta, mens eit anlegg som til dømes nyttast til symjeundervisning 25 t/veka og er ope for publikumsbading 15 timer i veka berre vil få kompensasjon for 62,5 % av meirverdiavgifta.

Gjennom reknestykket Skatteetaten ifølge KS legg til grunn reknast den tiden symjehallen er lukke både med i den verksemda som ikkje er aktuell for kompensasjon (publikumssymjing) og verksemda som er aktuell for kompensasjon (symjeundervisning). KS meiner det dermed ikkje tas omsyn til at symjehallen hovudsakleg er etablert for at kommunen skal ivareta sine lovpålagte plikter.

I svarbrev frå Finansdepartementet (18.12.2020) kjem det fram at dei ikkje meiner at det å drive eit symjeanlegg er ei teneste som det offentlege har bestemt at berre kommunar skal tilby. Derfor må ein leggje til grunn at det er opna for konkurranse, sjølv om det ikkje finnast private alternativ. Det vil altså seie at sjølv om Vindafjordhallen ikkje vil vere i verken direkte eller teoretisk konkurranse med eit privat anlegg vil ein måtte ta utgangspunkt i at symjehallen konkurrerer med ei privat verksemd.

Finansdepartementet skriv i brevet at:

«*For å avgjøre hvorvidt kommunale svømmeanlegg kan være i konkurranse med virksomheter som ikke er kompensasjonsberettiget, må det ses hen til hvilken konkurranseflate de kommunale svømmeanleggene drives innenfor. Dette beror på en vurdering av virksomhetens art.*»

Det vil dermed vera avgjerande korleis ein kan definera verksemda i ein ny Vindafjordhall.

I følge Finansdepartementet vil ein med «økonomisk aktivitet» meine ein verksemd som består i å tilby varer og tenester i eit marknad (tilsvarande «foretaksbegrepet») i EØS-avtalen art. 61 (1).

Dommen om Luster-badet som vert omtala i brevet frå Finansdepartementet legg vekt på særleg to omsyn:

- formålet med tiltaket
- korleis tenesta finansieres

Inntektene frå publikumssymjinga i Luster-badet oversteig kostnadene ved tilbodet – og ble soleis vurdert som ein økonomisk aktivitet sjølv om formålet med badet var sosialt. I rettsboka frå hovudforhandlingane kan ein lese at staten nemner at Lusterbadet gjekk med 655 000 kroner i overskot. Dei hadde i tillegg billettprisar som oversteig det ein kan definera som «symbolske prisar» (100 kroner for vaksne i kvardagar og 120 kroner i helgene, 70/90 kroner for barn).

Finansdepartementet skriv i brevet at dei legg til grunn at kommunale symjeanlegg i hovudsak nyttast til å utføre lovpålagte oppgåver innanfor symje-, stupe- og livredningsoppgåver. Publikumsbading mot betaling skal dermed berre vera for å utnytte anleggets restkapasitet.

Departementet definerer ikkje noko grense for kor mange timar publikumssymjinga kan utgjera, men dei presiserer at dersom kommunen, for å utnytta restkapasitet i symjehallen, gjer tilbod til kommunens innbyggjarar, så medfører ikkje det noko utnytting som kan definerast som økonomisk aktivitet.

Dersom ein legg til grunn at Vindafjord kommune skal utløyse momskompensasjon ved gjenoppbygging av Vindafjordhallen må bygget og drifta oppfylle to vilkår:

- Vindafjordhallens art må vera sosial. I omgrepet "sosial" ligg det at føremålet med symjehallen må vera helsetilbod gjennom terapibasseng, symjeopplæring for barn og eit tilbod til idretten i treningsbassenget – ikkje publikumsbading eller såkalla økonomisk aktivitet.
- Inntektene frå publikumsbadinga må ikkje overstige driftsutgiftene knytt til å halde symjehallen ope i same tidsrom. Det betyr at billettprisane må haldast på eit symbolsk nivå og vera eit avgrensa vederlag.

Det inneber at inntektene frå publikumssymjinga dermed ikkje kan tene som ei inntektsskilde for Vindafjordhallen SA. Dei kan heller ikkje vera med på å finansiere andre tilbod. Inntektene må vera på eit symbolsk nivå, og ikkje reknast som ei betydeleg driftsinntekt.

3.3.2 SPELEMIDLAR

Føresegnar for tildeling av tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet blir årlig lagt fram av Kulturdepartementet. Føresegnane finn ein i Lov om pengespel mv. (pengespilloven) av 28. august 1992 nr. 103 med seinare endringar, og forskrift om fordeling av overskotet frå Norsk Tipping AS til idrettsformål av 11. desember 1992.

«Spelemidler til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet med stort brukspotensial, og dessutan nærmiljøanlegg, er sentrale verkemiddel for å innfri dei statlege måla på anleggfeltet.

Spelemiddel til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg skal bidra til infrastruktur som gir befolkninga moglegheit til å driva aktivitet, både i regi av den frivillige, medlemsbaserte idretten og gjennom moglegheita for egenorganisert aktivitet. Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstiller behovet til barn for fysisk aktivitet i organiserte eller egenorganiserte former, blir prioritert særskilt. Når det gjeld ungdom, er det eit mål å utvikla anlegg som tilfredsstiller behovet til ungdommen for utfordringar og variasjon. Ungdom må givast moglegheit til å medverka i utforminga av anlegg. Anlegga bør fungera som gode sosiale møteplassar i lokalsamfunna. Det er eit grunnleggjande prinsipp at tilskot i form av spelemiddel ikkje skal danna grunnlag for fortjenestebaserte eigarformer eller omdannes til fortjeneste for private eigarar».

Det kan søkast om tilskot til bygging av anlegg som er opne for allmenn idrettslig verksemd, og som ikkje er underlagt fortjenestebaserte eigarformer. Ei driftsform som blir basert på kommersiell aktivitet, vil derfor ikkje være samstemt med reglane for tilskot.

Anleggseigar kan overføra drifta av anlegget til annan aktør. Føresett at anleggseigar skal disponera over anlegget til bruk for idrett og fysisk aktivitet, kan drifta òg overførast til ein privat, fortjenestebasert aktør. Anleggseigar kan leiga/låna ut anlegget til aktørar som sjølv kan søka tilskot. Anleggseigar kan ikkje inngå bruksavtalar med private, fortjenestebaserte aktørar eller andre som ikkje kan søka om tilskot. Frå denne hovudregelen gjeld følgjande unntak:

- Anlegget kan lånast ut for ein kortare periode eller for avvikling av enkeltarrangementer av kortare varigheit.
- Anlegget kan lånast ut til private barnehagar, dvs. at desse barnehagane kan givast tilgang til å nytta aktivitetssområda til anlegget. Det er eit vilkår at barnehagane berre får nytta anlegget til tider når det ikkje kjem i konflikt behovet til idretten og den eigenorganiserte aktiviteten.
- Anlegget kan lånast ut til private skular, dvs. at desse skulane kan givast tilgang til å nytta aktivitetssområda til anlegget, og dessutan garderobar i samband med undervisninga. Det er eit vilkår at elevane berre får nytta anlegget til tider når det ikkje kjem i konflikt behovet til idretten og den eigenorganiserte aktiviteten.

Dersom det blir avdekt drift eller bruk i strid med ovannemnde, vil dette kunna utgjera eit mislighold av vilkåra for tildeling av spelemidlar, jf. pkt. 4.5. Anleggseigar kan i alle tilfelle fritt disponera over dei delane av eit anlegg som ikkje er spillemiddelfinansiert.

Ved mottak av spelemidlar, pliktar anleggseigar å halda ordinære anlegg ope for allmenn idrettsleg verksemd i 30 år frå ferdigstilling av anlegget. Med «ordinære anlegg» meiner vi anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet. For nærmiljøanlegg gjeld plikta i 20 år. Plikta inneber å driva

anlegget på årsbasis eller på sesongbasis for idrettar som har kortare sesongar. Plikta gjeld både ved nybygg, rehabilitering og kjøp av anlegg.

Vindafjordhallen mottok tilskot i 1996. Føresetnaden om å halda anlegget ope i 30 år vil gjelde uavhengig av brann. Kulturdepartementet vil sannsynlegvis føresetja at reetablering av anlegget blir dekt av forsikringsoppgjær. Sidan oppgjærssituasjonen er uavklart tar vi utgangspunkt i eit scenario der kommunen ikkje får ei tilstrekkeleg dekning av tapte verdiar - og dermed må søka om dispensasjon frå føresetnaden om å halda anlegget ope i 30 år.

I gjennomgangen av dei ulike modellane føreset vi at det kan innvilgast dispensasjonssøknad for spelemidlar, og vi tar dermed utgangspunkt i at Vindafjord kommune kan søka spelemidlar for aktuelle funksjonar i bygget/byggene.

I samsvar med dei statlege retningslinjene for tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet kan ein også vurdera eit interkommunalt samarbeid og dermed vera aktuell for meir spelemidlar. Eit interkommunalt idrettsanlegg kan få eit tillegg på 30 % av ordinært tilskot føresett at følgjande vilkår er oppfylte:

«1. Anlegget er et større, kostnadskrevenne anlegg, f.eks. svømmeanlegg eller idrettshall.

2. Det er inngått bindende skriftlig avtale mellom to eller flere kommuner om investering og drift. Avtalen må inneholde følgende elementer:

a. Hver deltagende kommune skyter inn minimum 5 % av anleggets godkjente kostnad i investeringstilskudd. Kommunenes tilskudd må dokumenteres.

b. Enten at hver deltagende kommune skyter inn minimum 5 % av anleggets faktiske driftskostnader i årlige driftstilskudd i 20 år. Driftstilskuddet kan ikke begrenses til et nominelt beløp gjennom 20-årsperioden.

Eller at hver deltagende kommune stiller garanti som dekker minimum 5 % av faktiske, årlige driftsunderskudd for anlegget. Den som står som søker/anleggseier, skal stille garanti slik at den dekker hele driftsunderskuddet etter fradrag for øvrig deltagende kommune(r)s garantidekning. Garantiene skal samlet dekke 100 % av faktiske, årlige driftsunderskudd for anlegget i 20 år.»¹

3.4 KONSEKVENSAAR VED VAL AV DRIFTSMODELL

Uavhengig av konklusjonen i kommunen angående driftsmodell må med andre ord desse to omsyna ivaretakast dersom ein ikkje går for kommersiell utbygging og drift:

¹ Kulturdepartementet (2020). Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2020 (V-0732 B). Henta frå: [Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2020 \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no)

- Føremålet med Vindafjordhallens må vera sosial – altså ikkje kommersiell. Hensikten med symjehallen må vera helsetilbod gjennom terapibasseng, symjeopplæring for barn og eit tilbod til idretten – ikkje publikumsbading eller økonomisk aktivitet
- Inntektene frå publikumsbadinga må ikkje overstige driftsutgiftene knytt til å halde symjehallen ope i same tidsrom. Det betyr at billettprisane må haldast på eit symbolsk nivå og vera eit avgrensa vederlag.

Sidan kommunen vil stå som eigar av bygget må òg desse omsyna ivaretakast dersom Vindafjordhallen SA eller andre aktørar får ansvar for drifta av ei ny symjehall.

Det er som nemnt kommunen som kjem til å søka om momskompensasjon og spelemidlar, og dermed kommunen som har ansvar for å sikra at drifta er i tråd med dei statlege retningslinjene. Vår generelle tilråding er at kommunen sjølv eig og driv symjehallen, og søker momskompensasjon og spelemidlar. Etter Finansdepartementets klargjøring i desember 2020 må kommunen i tillegg sikra at publikumssymjing utgjer ein liten del av den totale aktiviteten i hallen, og at betalinga for dette er symbolsk. Det vil vera lettare for kommunen å styra tilbodet dersom hallen er eigd og blir driven av kommunen. Dessutan vil ei slik drift føresetja subsidiering av tilbodet og det blir oppfatta meir oversiktlig og ryddig dersom kommunen sjølv driftar symjehallen.

Alternativt må kommunen definera kor mykje dei sjølv ville brukt på å driva symjetilbodet og lyse ut eit anbod. Då vil kommunen ha valet mellom å undersøka om det finst aktørar som vil driva på kommersielle vilkår - og dermed ikkje søka spelemidlar eller momskompensasjon. Eller lyse ut eit anbod der drift i tråd med reglar for spelemidlar og momskompensasjon er ein klar føresetnad for aktørane som leverer tilbod.

Dersom ein vel sistnemnde løysing vil det truleg først og fremst oppfattast som aktuelt for til dømes Vindafjordhallen SA eller idrettslag å levera tilbod.

Drifta av bygdahusdelen av Vindafjordhallen kan derimot vurderast å overlatast til Vindafjordhallen SA. Gjennom dialog med Vindafjordhallen SA er det blitt tydelig for HRP at de er avhengig av inntekter fra bygdahusdelen for å finansiere sin drift. Dersom ein lar Vindafjordhallen SA fortsette å driva bygdahusdelen må kommunen sikra seg at eventuelle kommunale avtalar som Vindafjordhallen inngår i, også lèt seg kombinera med drift på marknadsmessige vilkår. Herunder eksempelvis catering og utleige.

Sidan regelverket knytt til momskompensasjon føreset at det ikkje blir drive økonomisk aktivitet i bygg som er gitt momskompensasjon for må kommunen ikkje søka kompensasjon for bygdahusdelen - dersom den skal drivast på marknadsmessige vilkår.

4. INTRODUKSJON TIL MODELL 0-4

I kapittelet under vil vi gå gjennom HRP sine vurderingar knytt til dei ulike modellane. Reguleringsplanen for tomta er avgrensande. Det inneber at berre modell 0 forhold seg til reguleringsplanen, medan dei resterande modellane vil krevja dispensasjon eller ny regulering. Årsaka til at dei andre modellane vil krevja dispensasjon eller ny regulering handlar i all hovudsak om avgrensingar i utnyttelsesgrad på tomta.

Sjølv om denne moglegheitsstudien er utforma på eit svært tidleg tidspunkt i prosjektet har det vore viktig for HRP å respektera lokale bygningstradisjonar. Derfor er voluma i alle modellane halde relativt låge i terrenget. Det er tenkt ei utforming med saltak. I praksis inneber det at modellane i hovudsak vil ha lågare bygningskroppar enn kyrkja, og at innsyna/utsyna til kyrkjetomta vil bevarast. Det er òg viktig å understreka at modellane som blir presenterte i moglegheitsstudien er volumskisser. Det betyr at dei kan flyttast på tomta og innrettast annleis i ein prosjekteringsfase enn det som er vist i i vår modellering.

Kommunen er lokal barnehagestyresmakt og har ansvaret for godkjenning av barnehager. Barnehager skal vera godkjente etter barnehagelova § 10 og 11, Forskrift om miljø og helse i barnehagar og skular, og krav i blant anna Arbeidsmiljølova og Plan- og bygningslova.

I følgje Norconsults Barnehage- og skulebruksplan for Vindafjord kommune er følgjande føringar relevante å ta omsyn til i planlegginga av barnehageareal:

Kunnskapsdepartementet (KD) har angitt rettleiande norm for inne- og uteareal i barnehagar. Innandørs leike- og opphaldsareal skal vera minimum 4 m² netto for barn over 3 år, og om lag 1/3 meir per barn under 3 år (5,3 m²). Utandørs leike- og opphaldsareal skal vera ca. 6 gonger større. Ved utrekning av talet på plassar i barnehage utgjør godkjent leike- og opphaldsareal (LOA) delt på 4 m² talet på barneiningar for barn over 3 år. For barn under 3 år er ei barneining 1,3.

For utforminga av romprogram for barnehager og skular tar denne moglegheitsstudien utgangspunkt i romprogramma som ligg i barnehage- og skulebruksplanen, men med enkelte variasjonar. Variasjonane blir gjorde greie for under kvart alternativ.

4.1 DRIFTSFORM OG KALKYLER

Som det er gjort greie for i tidlegare kapittel, er det lite sannsynleg at kommunen kan leiga ut symjehallbygget på marknadsmessige vilkår i så stor grad at det kan erstatta inntekter frå momskompensasjon og spelemidler. Det er ikkje tatt høgde for spelemidler eller momskompensasjon for bygdaUSDelen ettersom partslagene i Vats er tydeleg på deira behov for inntekter frå utleige.

Derfor er den generelle tilrådinga for alle modellane at kommunen ikkje legg til grunn inntekter frå leige for symjehalldelen, sjølv om det sjølv sagt vil kunne vera mindre inntekter knytt til leie frå private barnehagar og idretten.

Kalkylane for investering og LCC er utarbeidd gjennom programvara ISY Calculus. Omgrepet LCC baserer seg på livssyklus kostnadene for eit bygg og skal kunna ta for seg alle kostnader knytt til å bygga, eiga og driva eit bygg. Programvara vi nyttar er kopla til Norsk prisbok og NS 3454 og det er tatt utgangspunkt i normtal for å sikra eit godt, overordna bilde av kostnadene knytt til dei ulike modellane. Desse tar utgangspunkt i eit gjennomsnittsbygg i ein gjennomsnittskommune. Tala inkluderer blant anna kostnader knytt til innkjøp, forvaltning, drift og vedlikehald, utskifting og utvikling, forsyning og reingjering. Det er likevel viktig å understreka at tala er særst usikre på eit så tidleg tidspunkt og vil naturlegvis avhenga av materialbruk, valt energikonsept og liknande drivarar. Det er ikkje tatt høgde for kostnader knytt til service- og støttelefeksjonar, virksomhetsspesifikke kostnader eller verdi og inntektselement i desse kalkylane. Døme på slike utgifter er til dømes badevakter og bemanning av resepsjon. Sidan tala i all hovudsak dreier seg om kommunale bygg utan rom for særlege inntekter og ei eventuell løysing med eit sjølvstendig drive bygdahus, er det ikkje førmålsteneleg å sjå på inntektspotensialet på nåværande tidspunkt. Rapportane knytt til kvar modell ligg som vedlegg til moglegheitsstudien.

Utarbeiding av uteareal inngår ikkje som ein del av kalkylane. Her er det ikkje mogleg å gi gode estimat fordi variasjonane knytt til arbeidet er så store. Eksempelvis vil eit nærmiljøanlegg vera betrakteleg dyrare å opparbeida enn enkle leikeapparat. I tillegg kan det vurderast ombruk av apparat eller materiale tilknytt dagens barnehage- og skulebygg.

Det vart gjennomført ei betongvurdering av Vindafjordhallen i regi av B-Consult AS våren 2020. Dei konkludrar med at det er ei restverdi knytt til grunnmuren for den opphavlege Vindafjordhallen. Dersom kommunen vedtar å bygga opp igjen ein identisk hall vil det vera relevant å greia ut konkret restverdi nærare. Viss kommunen derimot landar på å inkludera andre funksjonar på tomta er oppmodinga vår at ein vurderer kva som kvalitetsmessig er best plassering og ikkje låser seg til gjenbruk av grunnmuren. I eit klimaperspektiv vil det vera fornuftig å sjå på moglegheita for gjenbruk av betong, men utforminga og storleiken på tomta gjer det krevjande å forhalda seg til ein eksisterande grunnmur dersom ein ønske andre funksjonar inn. Det er derfor ikkje tatt høgde for restverdiar i eksisterande grunnmur i kalkylane våre. Dette bør derimot vurderast dersom kommunen går vidare med prosjektering av ei konkret løysing.

Prisane for dei ulike modellane oppgitt både med og utan meirverdiavgift og spelemidlar. Dersom kommunen sjølv bestemmer seg for å bygga ut vil kommunen kunne søka momskompensasjon for delar

av bygget som ikkje skal drivast kommersielt, og spelemidlar for idrettsfunksjonar som heller ikkje skal drivast kommersielt. Dermed er alle funksjonar i bygget, unntatt bygdahusdelen, lagt til grunn at er berettiga for momskompensasjon.

4.2 ENERGIBEHOV, ENØK OG BRUK AV ALTERNATIV ENERGI

Sidan moglegheitsstudien er gjennomført på eit veldig tidig tidspunkt er det tatt utgangspunkt i eit generelt bilde av moglegheiter for energikonsept. Høg energibruk er eit aukande problem over heile verda og er godt skildra i forskingslitteraturen. Sjølv om fornybare energikjelder minskar mengda forureining er det framleis behov for å redusera og effektivisera energibruket for å kunna avgrensa ytterlegare negative effektar. Derfor er effektiv energibruk i bygningssektoren ein viktig del av dette arbeidet, og det er satt stort søkelys på det både i Noreg og internasjonalt. Arbeidet med effektivisering av energibruken i bygningar er prega av heilskapleg tekning og fleirfaglig samarbeid som igjen er grunnleggande for å oppnå målet om rasjonell bruk av energiressursar.

Som ei følgje av EUs direktiv om energiytinga i bygningar som Noreg no har slutta seg til, har vi fått nye byggeforskrifter med skjerpa krav og den nye utgåva av Enøk i bygningar skal ta høgde for alle desse endringane. Poenget er ikkje først og fremst å bruka så lite som mogleg, men rettare sagt så økonomisk som mogleg eller eventuelt ta i bruk ny teknologi som gjer det mogleg å utnytta energien betre. For ein god energieffektivisering er vi nøydde til å tenka på mindre sløsing, få meir ut av kvar kilowattime og nytta billegare og fornybar energikjelder.

Bygningar står for 40 % av det totale energibruket i Europa, og det finst i dag mange rapportar som beskriv korleis ein kan auka energieffektiviteten i ulike bygningstypar. Dei fleste av desse beskriv tiltak i næringsbygg og bustadhus, men få beskriv idrettsbygg. Mangfaldet av typar idrettsbygg er stort, noko som også betyr store variasjonar når det gjeld energibruk. Ishallar og symjehaller har det høgaste energibruket og bade/symjeanlegg skil seg ut som bygningstype samanlikna med bustad- og næringsbygg med omsyn til bygningsfysikk og bygningsteknisk. Bassengrommet har store fuktbelastningar samanlikna med andre bygningar der lufttemperaturen og luftfukta er høgare, og på grunn av høg fordampning av vassdamp frå bassengoverflata, stadig vassøl og betydeleg forbruk av varmt vatn og renseteknikk av vatnet utgjer derfor ein stor del av bygningens funksjonalitet.

I tilknytning til bassenganlegget i Vindafjord vil det sannsynlegvis byggast enten bygdahus, skule, barnehage, styrkerom og/eller idrettshall. I symjehallene med lågast energibruk er det vanleg å ha



varmevekslere og varmepumper som gjenvinn varmeenergi frå spillvatn og avtrekksluft. Denne energien blir brukt til å varma opp friskluft, bassengvatn og tappevatn. Teknologien er kjent, men samansetninga av systemet er avgjerande for høg energieffektivitet. Ved utarbeiding av energikonsept for ein vald modell må det dermed gjerast energiutrekning validert i det dynamiske utrekningsprogrammet Simien. Det er avgrensa omfang bygningskategoriar å velja mellom for evaluering mot energiramme, og idrettsbygg er det som tradisjonelt blir for valt symjehaller. Fokus ligg likevel på at det blir godt valt isolerte konstruksjonar og lågt lekkasjetal, slik at varmetap blir redusert. Det blir anbefalt generelt at badeanlegg har ca. 25% mindre varmetap og lågare U-verdier² enn forskriftskrava.

I tillegg har kommunestyret gjennom økonomiplanen vedtatt følgjande: «Ved kommunale nybygg og rehabiliteringar er vurdering av energi- og miljøtiltak ein del av saksutgreiinga, t.d. bruk av solcellepanel. Det skal planleggast ladepunkt for elbil ved nye kommunale bygg og for nye parkeringsplassar.» Administrasjonen har i tillegg ei politisk bestilling på «å fremje ei sak der flisfyring ved Vindafjordtunet og andre kommunale bygg i nærleiken vert vurdert». Det bør òg vurderast ved val av ein av dei nemnde modellane i denne moglegheitsstudien. Uavhengig av valt konsept er det snakk om ei større kommunal utbygging og tilhøyrande betydeleg energiforbruk.

Eit oversyn over volumskissene blir vist under:

² U-verdi eller varmegjennomgangskoeffisient er eit mål som blir brukt av byggenæringa for å angi ein bygningsdels varmeisolerende evne

introduksjon til modell 0-4



5. GJENNOMGANG AV MODELL 0-4


MODELL 0 – GJENREISING AV VINDAFJORDHALLEN

Modell 0 går ut på å gjenreisa bygget i hovudsak som det var, men eventuelt med mindre tilpassingar av innvendig romplan for å betre vera tilpassa til drifta slik ho var før det brann. Driftsmodell med basis i eksisterande avtale mellom kommunen og Vindafjordhallen SA.

NØKKELTAL FOR MODELL 0

INVESTERINGSKOSTNAD (MNOK)	109,02
INVESTERINGSKOSTNAD (MNOK INKL. SPELEMIDLAR OG MOMSKOMPENSASJON)	76,90
INVESTERINGSKOSTNAD (NOK PER KVM)	42 869
ÅRSKOSTNAD LCC (MNOK)	6,59
POTENSIALE FOR SPELEMIDLER	19 200 MNOK
FUNKSJONER I MODELLEN	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Symjebasseng (13 x 25) inkl. garderober, plaskebasseng og opplegg for stup ▪ Aktivitetssal og scene ▪ Foaje tilrettelagt for kafe ▪ Fritidsklubb ▪ Klubbkontor

VOLUMSKISSE



ROMPROGRAM

VINDAFJORDHALLEN		ANTALL ROM	AREAL (M2)	SUM AREAL (M2)
Fellesarealer	WC	2	2	4
	Kjøkken	1	30	30
	HC WC	1	5	5
	WC dame	1	7	7
	WC herre	1	6,8	6,8
	Kafeteria/vestibyle	1	150,7	150,7
	WC	1	1,7	1,7
	HC WC	2	3,9	7,8
	Solarium	1	7,4	7,4
	Møterom	1	20	20
	SUM	12	234,5	240,4
Drifts- og støttearealer	Kontor	1	11	11
	HC heis	2	2,2	4,4
	Trapperom	1	23,8	23,8

gjennomgang av modell 0-4 5

	Trapperom	1	24,1	24,1
	Vaktmester	1	6	6
	Betjening	1	3,8	3,8
	Vakt/billett/service	1	16,6	16,6
	BK	1	4,3	4,3
	Gang	1	10,6	10,6
	Gang	1	3,7	3,7
	Lager	1	5,4	5,4
	Gang	1	254	254
	Lager 1 og 2	2	4,1	8,2
	Lager 3	1	16,2	16,2
	Lager 4	1	27,6	27,6
	Lager 5	1	58,2	58,2
	Lager 6	1	27,3	27,3
	Lager 7	1	11,6	11,6
	Lager 8 og 9	2	6,8	13,6
	Lager 10	1	6,3	6,3
	Gang	1	25,2	25,2
	Gang	1	45,9	45,9
	Rengjøring	1	2,8	2,8
	Gang	1	20,3	20,3
	Lager	1	7,3	7,3
	SUM	28	625,1	638,2
Symjehall og tilhørende fasiliteter	Garderobe 1	1	26,5	26,5
	Tilhørende HC WC	1	5	5
	Tilhørende dusjsone	1	23	23
	Tilhørende badstu	1	6,2	6,2
	Garderobe 2	1	30	30
	Tilhørende HC WC	1	5	5
	Tilhørende dusjsone	1	23	23
	Tilhørende badstu	1	7	7
	Gang	1	13,1	13,1
	Solarium	1	10	10

	Instrument-rom	2	3,7	7,4
	Lager	1	1,6	1,6
	Brann - ventilasjon	1	4,4	4,4
	Symjebassengrom (hovedsymjebasseng 13x25 m + 1 m. rampe. Dybde: 0,9-1,4-3,6). (Plaskebasseng 20 m2, dybde 0,3 m)	1	667	667
	Oppbygg for stup (1 m svikt, 3 m fast)			
	1 meter rampe			
	SUM	15	825,5	829,2
Aktivitetssal	Scene	1	45	45
Sosialt rom	Scenegard	1	32,2	32,2
Klubbshop/kontor/lager	Sal 1	1	177	177
Klubbkontor	Sal 2	1	80	80
	Stollager	1	7	7
	Areal for bibliotek	1	90	90
	Fritidsklubb	1	120,4	120,4
	Fritidsklubb	1	118,9	118,9
	SUM	8	670,5	670,5
Teknisk rom	Loft	1	28	28
	Kjeller	1	137	137
	SUM	2	165	165
SUM		65	2520,6	2543,3

Det er ikkje gjort vesentlege endringar frå den opphavelige romplanen. Vindafjordhallen verkar å vera eit rasjonelt utforma bygg. Det er naturlegvis enkelte justeringar ein kunne gjort for å betre utnytta lagerkapasitet, flyten, logistikken og romfølelsen i bygget, men det vil vera på eit detaljnivå som ikkje er relevant for denne moglegheitsstudien.

UTOMHUSAREAL

Området rundt Vindafjordhallen er i all hovudsak bestående av parkeringsplasser og prega av mykje asfalt. Sjølv med ein gjenreisning av Vindafjordhallen, ser vi eit stort potensial for å etablere eit meir attraktivt utenomhusareal. Til dømes vil eit nærmiljøanlegg kunne skape ein aktiv møteplass for Vats, og

komplementere utomhusarealet for skulen samt kunstgressbana. Ein kan òg sjå for seg ein større park og eventuelle aktivitetselement som kan trekka ungdommar til området. Gjennom brukar- og innbyggerinvolveringa vart vi gjort merksame på at området har behov for fleire tilhaldstader for ungdommar. Det er likevel ikkje vurdert i denne moglegheitsstudien, men er noko vi tilrår kommunen å sjå nærare på ved ein eventuell prosjektering.

VURDERING AV DRIFT OG KONSEKVENSER FOR SPELEMIDLAR

Vurderingane våre knytt til moms, spelemidlar og kapasitetsutnytting inneber at kommunen sjølv bør drifta symjehallen. Inntekspotensialet er sannsynlegvis ikkje stort nok til å kunne forsvare ei kommersiell drift. Det er uklart i kva grad kommunen kan overlata drifta til Vindafjordhallen SA utan å lysa ut eit anbod, og dermed meiner vi kommunen bør vurdere å anbudsutsette drifta dersom det ikkje er ønskeleg med ei kommunal drift.

Samtidig gir eigenregi kommunen høve til å optimalisera drifta i tråd med eigne prioriteringar.

Opningstidene kan eksempelvis innrettast på ein måte som betre fordeler tida mellom skule, barnehage, helse og idrett - i tråd med regelverket for momskompensasjon og spelemidlar.

Ei kommersiell drift inneber at kommunen ikkje kan motta verken spelemidlar eller momskompensasjon. Det vil medføra betraktelege merkostnader for kommunen. For å kompensera for desse merkostnadene kunne ein sett for seg at ein kommersiell aktør kunne kjøpt ein eventuell symjehall frå kommunen til marknadspris. Det har ikkje lykkast oss å identifisere potensielle kjøperar og det er tvilsamt at Vindafjordhallen SA vil ha økonomi til å betena eit lån i den storleiksordenen. Det inneber i praksis at det verkar sannsynleg at kommunal drift er ein meir rasjonell økonomisk tilnærming for kommunen.

Det blir likevel anbefalt at bygdahusdelen blir overført til Vindafjordhallen SA og at den delen av bygningsmassen blir seksjonert ut. For Vindafjordhallen SA er inntektene frå arrangement og liknande avgjerande for verksemda deira, og dermed må kommunen ikkje rekna med momskompensasjon og/eller spelemidlar for bygdahusdelen.

Innendørs symjebasseng

Type	Storleik	Tal på banar	Banebreidde	Maks tilskot
Treningsbasseng	25 x 12,5m	6	2 m	Kr. 16 500 000

Tilleggselementer:	
Rullestolrampe	Kr 200 000
Garderobesett	Kr 500 000

Stup - 1m svikt, 3 m svikt og 5 m fast	Kr 2 000 000
Totalt tilskot	Kr 19 200 000

MODELL 1 – GJENREISING AV VINDAFJORDHALLEN OG BARNEHAGE

Modell 1 tar utgangspunkt i den opphavlege Vindafjordhallen, men viser i tillegg moglegheiten for ein barnehage.

Det er gjort endringar i plassering av symjehallen og bygdahusdelen for å betra utnytta tomtearealet. Etter vårt syn er det viktig å utforma barnehagen og tilhøyrande uteareal på ein måte som tilfører kvalitet til nærområdet og trivsel for barn/tilsette i barnehagen. Det inneber til dømes at barnehagen må leggja beslag på delar av parkeringsplassen for å oppfylle krav til uteareal - men også for å sikra at utearealet er i tilstrekkeleg avstand til bygdahusdelen. I tillegg er det eit poeng å sikra at utearealet til blir skjerma for vêr og vind, og at det til ei viss grad er sydvendt.


Barnehagen er i denne samanhengen utforma på ein respektfull måte overfor omkringliggande funksjonar, som til dømes kyrkja. Derfor er det tenkt som eit inviterande tun kvar bygget er dratt ut i lengde framfor høgde. Det gjer at bygget ikkje vil verka i konkurranse med kyrkja, og samtidig skapa ein lunere atmosfære knytt til uteområdet.

NØKKELTAL FOR MODELL 1

INVESTERINGSKOSTNAD (MNOK):	141,18
INVESTERINGSKOSTNAD (MNOK INKL. SPELEMIDLAR OG MOMSKOMPENSASJON)	103,38
VINDAFJORDHALLEN (BYGDAHUS OG SYMJEHALL)	109,02
BARNEHAGE:	32,15
INVESTERINGSKOSTNAD (NOK PER KVM)	40 532
ÅRSKOSTNAD LCC (MNOK)	8,96
POTENSIALE FOR SPELEMIDLAR	19 200 MNOK
FUNKSJONER I MODELLEN	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Symjebasseng (25 x 12,5m) inkl. garderober, plaskebasseng og opplegg for stup

	<ul style="list-style-type: none">▪ Aktivitetssal og scene▪ Foaje tilrettelagt for kafe▪ Fritidsklubb▪ Klubbkontor▪ Barnehage for 50-60 barn
--	--

VOLUMSKISSE



ROMPROGRAM

Barnehagen åleine vil ha eit nettoareal på 659 kvm2 medan Vindafjordhallen og bygdauset vil ha eit areal likt modell 0.

I planen er det tenkt ein barnehage med plass til rett i overkant av 50 barn, og med rom for variasjonar mellom mindre og større barn, og dessutan ulik storleik på avdelingar. Romprogrammet tar utgangspunkt i Norconsult sitt forslag i barnehage- og skulebruksplanen til ein barnehage på 120 barn. I romprogrammet er leke- og oppholdsareal halvert for at arealet skal passa betre for talet på barn som vil ha behov for barnehageplass i Vindafjord framover.

Leike- og oppholdsarealet utgjer totalt 248 kvm2. Forøvrig er barnehagens arealprogram slik:

BARNEHAGE 60		AREAL
Leke- og oppholdsareal	Avdelinger	82
	Lekerom/ allrom (fellesareal)	27
	Allrom	52,5
	Fellesrom	37,5
	Fingarderober del av LOA	31
	Verksteder (fellesareal)	18
	SUM	248
Støttearealer	Vestibyle / Inngangsparti	10
	Kjøkken	34
	Garderobe (skitten sone) ink. tøy personal	70
	Toaletter	26
	Stellerom	30
	Reingjeringsentral	14
	Nærlager	14
	Felleslager	20
	Matlager	6
	Vognrom/ soveareal	35
SUM	259	
Personalarealer	Kontor	22
	Møterom/ samtalerom	23
	Pedagogarbeidsplasser	32
	Kopi/ reksivita	6
	Personalrom	24
	Personalgarderobe	30
	Personaltoaletter	15
SUM	152	
SUM - barnehage	659	

UTOMHUSAREAL

I Barnehagelova § 2 heiter det: "*Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser.*" I Kunnskapsdepartementets Kunnskapsdepartementets merknader til barnehagelova er det som nemt fastsatt veiledende norm for inne- og utearealene:

- Inne: 4m² netto leke- og oppholdsareal for barn over 3 år og om lag 1/3 mer per barn under 3 år.
- Ute: Omlag 6 ganger leke - og oppholdsareal inne. Med utgangspunkt i et barnetall på 25 småbarn og 25 store barn vil barnehagens uteareal.

Det inneber at totalt uteoppholdsareal for denne barnehagen bør vera seks gonger 248 kvm². Det utgjør 1488 kvm².

VURDERING AV DRIFT OG KONSEKVENSER FOR SPELEMIDLAR

I denne modellen vil bygget bestå av Vindafjordhallen og ein tilhøyrande barnehage. Vår tilråding for modell 1 er den same som for modell 0. Ein foreslår at kommunen driftar symjehallen, medan Vindafjordhallen SA driftar sitt eige bygdahus. Om barnehagen blir driven av kommunen eller ein privat aktør er av mindre betydning med mindre kommunen selger bygget til den eventuelle private aktøren. Då vil inntekter frå salet naturlegvis falla til kommunen.

Dersom ein legg opp til kommunal utbygging og kommunal ikkje-kommersiell drift av eit treningsbasseng er konsekvensene for spelemidlar slik:

Innendørs symjebasseng

Type	Storleik	Tal på banar	Banebreidde	Maks tilskot
Treningsbasseng	25 x 12,5m	6	2 m	Kr. 16 500 000

Tilleggselementer:	
Rullestolrampe	Kr 200 000
Garderobesett	Kr 500 000
Stup - 1m svikt, 3 m svikt og 5 m fast	Kr 2 000 000
<i>Totalt tilskot</i>	<i>Kr 19 200 000</i>

MODELL 2 - GJENREISING AV VINDAFJORDHALLEN OG OPPVEKSTSENTER

Modell 2 viser moglegheiten for eit oppvekstsenter (skule 1-7. + barnehage) i same bygg eller i nær tilknytning til den opphavelige Vindafjordhallen. Vi har valt å dela modell 2 opp i eit A- og B-alternativ. Funksjonane er identiske, med unntak av at B-alternativet i tillegg til dei oppgitte funksjonane òg har ein basketballhall/"gymsal".

Det er gjort endringar i plassering av symjehallen og bygdahusdelen for å betra utnytta tomtearealet i både 2A og 2B. Etter vårt syn er det viktig å utforma både barnehagen, skulen og tilhøyrande uteareal på ein måte som tilfører kvalitet til nærområdet og trivsel for barn, elevar og dei tilsette i oppvekstsenteret. For modell 2A og B inneber det at barnehagen og skulen må leggja beslag på store delar av tomtas austlege side. Dette medfører at bygdahuset og symjehallen opptar store delar av dagens parkeringsplass. I tillegg er det eit poeng å sikra at utearealet til ei viss grad blir skjerma for vêr og vind. Både modell 2A og 2B gjer det mogleg å gjerda inn barnehagens uteareal.

Medan 2B i større grad varetar omsynet til skilt uteområde for bygdahus og barnehage/skule, legg likevel 2A opp til ein langt meir kvalitativ tilnærming til barnas uteområde. Etter oppfatninga vår vil alternativ 2B vanskeleg kunna vareta omsynet til siktlinje mot kyrkja og eit tilstrekkeleg uteareal for barna samtidig som me ikkje bygger usedvanleg høge og ruvande bygg. Ei alternativ løysing er å bygga skule og barnehage over fleire etasjar, men det vil igjen bryta med den stedsspesifikke byggestilen og bidra til å "bygga inn" kyrkja. Denne problemstillinga ville verka mindre dersom ikkje basketballhallen/gymsalen òg vart plassert på tomta. Her kan det vurderast om gymfasiliteter eksempelvis kan løysast på dagens skuletomt for å sikra eit betre uteareal dersom barnehage og skule blir bygt opp på tomta for Vindafjordhallen.

Det er som nemt lagt inn moglegheitane for ein gymsal, i form av ein basketballhall, garderober og tilhøyrande lagar, i alternativ 2B. Aktivitetsflata er i tråd med krava for å få tildelt spelemidlar og inneber eit areal på 20 x 32 meter. Takhøgda er 9 meter, for å på eit seinare tidspunkt kunne etablere ein enklare klatrevegg/buldrevegg i hallen. Elles består basketballhallen av 50 kvm lager og 2 sett garderober, og dessutan 2 dommar/trenar/lærar-garderober.

Ønsket om ei respektfull tilnærming til eksisterande bygg og kvalitetar er vidareførte i modell 2 så langt det er mogleg. Gymsalen er likevel utfordrande å utforme på ein stadstilpassa måte på grunn av høgda. I modell 2A er både skulen og barnehagen tenkt som eit inviterande tun der bygget er dratt ut i lengde framfor høgde. Det gjer at bygget ikkje vil verka i konkurranse med kyrkja, og samtidig skapa ei lunare atmosfære knytt til uteområdet. Uteareal til skulen vil til dels bestå av fotballbanen.


Sidan barnehagen og skulen deler enkelte funksjonar er det viktig med enkel framkomme frå og til begge bygga, samtidig som vi markerer at dei er to forskjellige institusjonar ved å ikkje la bygga henga saman.

Vi tilrår kommunen å undersøka om areal knytt til dagens skule kan nyttast som erstatning for parkeringsplassane som vil forsvinna dersom ein skulle gå for modell 2. Det er rundt 200 meter frå dagens skule til Vindafjordhallen sin tomt. Det kunne innebera at ein sikra enkelte parkeringsplassar, mellom anna dei for personar med funksjonsnedsetjing på plassen som vil vera igjen mellom oppvekstsenteret og kyrkja, men at andre besøkande vart tilvist til parkeringsplassen ved Nedre Vats skule.

NØKKELTAL FOR MODELL 2

INVESTERINGSKOSTNAD (MNOK):	201,4
INVESTERINGSKOSTNAD (MNOK INKL. SPELEMIDLAR OG MOMSKOMPENSASJON)	147,3
SKULE:	32,97
BARNEHAGE:	32,15
BASKETBALLHALL/ «GYMSAL»	27,24
VINDAFJORDHALLEN	109,02
INVESTERINGSKOSTNAD (NOK PER KVM)	42 209
ÅRSKOSTNAD LCC (MNOK)	13,43
POTENSIALE FOR SPELEMIDLAR	24 800 MNOK
FUNKSJONER I MODELLEN	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Symjebasseng (25 x 12,5m) inkl. garderober, plaskebasseng og opplegg for stup ▪ Aktivitetssal og scene ▪ Foaje tilrettelagt for kafe ▪ Fritidsklubb ▪ Klubbkontor ▪ Barnehage for 50-60 barn ▪ Skule for 50 barn ▪ Basketballhall/«gymsal»

VOLUMSKISSE



ROMPROGRAM

Det er tatt utgangspunkt i elevtallsprognoser i Norconsult sitt forslag i barnehage- og skulebruksplanen i tillegg til barnetall som i modell 1. Barnehagen og skulen vil ha eit felles nettoareal på 1221 kvm², fordelt på 562 kvm² for skule og 659 kvm² for barnehagen, medan Vindafjordhallen og bygdauset vil vera likt som i modell 0. Leike- og oppholdsarealet for barnehagen er som i modell 1, der me har tatt utgangspunkt i 50-60 barn. For å sikre ein mest mogleg fleksibel bruk og arealeffektivitet i bygget, foreslås det sambruk av personalareal og enkelte støtteareal for både barnehage, skule og symjehall. I tillegg blir det lagt opp til sambruk av spesialrom som musikkrom, kunst- og handverk, skulebibliotek og naturfagsrom.

BARNEHAGE 60 BARN		AREAL (M ²)	
Leke- og oppholdsareal	Avdelinger	82	0
	Lekerom/ allrom (fellesareal)	27	0
	Verkstader (fellesareal)	52,5	
	Allrom	37,5	
	Fellesrom	31	
	Fingarderobe del av LOA	18	
	SUM	248	
Støttearealer	Vestibyle / Inngangsparti	10	0
	Kjøkken	34	0
	Garderobe (skitten sone) ink. tøy personal	70	0

gjennomgang av modell 0-4 5

	Toaletter		26	0
	Stellerom		30	0
	Reingjeringsentral		14	0
	Nærlager		14	
	Felleslager		20	
	Matlager		6	
	Vognrom/ soveareal		35	
	SUM		259	
Personalarealer	Kontor		22	0
	Møterom/ samtalerom		23	0
	Pedagogarbeidsplasser		32	0
	Kopi/ reksivita		6	0
	Personalrom		24	0
	Personalgarderobe		30	0
	Personaltoaletter		15	
	SUM		152	
SUM nettoareal barnehage		0	659	0
BARNESKULE 1.-7. TRINN		ANTALL ELEVER	AREAL PER ELEV (M2)	SUM AREAL (M2)
Generelt læringsareal	Læringsareal	50	4	200
	Elevgarderober og toaletter	50	0,8	40
	SFO- base	50	0,2	10
	SUM			250
Spesielt læringsareal	Skulekjøkken	50	0,43	21,5
	Skulebibliotek	50	0,31	15,5
	Naturfag	50	0,38	19
	Musikk	50	0,59	29,5
	Kunst og håndverk	50	0,69	34,5
	SUM			120

Personal - og administrasjon	Administrasjon (inkl. SFO-leiar)	50	0,19	9,5
	Arbeidsplasser lærarar og fagarbeidarar inkl. kopi/lager	50	0,64	32
	Møterom	50	0,1	5
	Personalrom	50	0,17	8,5
	Personalgarderober/toaletter	50	0,13	6,5
	SUM			61,5
Andre funksjoner	Kantine	50	0,31	15,5
	Elevtenester (PPT, skulehelseteneste, rådgivarar, miljøarbeidarar)	50	0,15	7,5
	Drift og lager	50	0,36	18
SUM			41	
Idrettsareal	Idrettsareal (hall, garderober, birom)	50	1,79	89,5
SUM			89,5	
SUM nettoareal skule			11,24	562
				SUM AREAL (M2)
BASKETBALLHALL				
Gymsal (32 x 20 m)		640		
Garderobesett 1		70		
Garderobesett 2		70		
Dommer/trenar/lærar-garderober x 2		16		
Lager		50		
SUM nettoareal basketballhall		846		

UTOMHUSAREAL

I likheit med modell 1 vil modell 2 måtte forhalde seg til normane for uteopphaldsareal for barnehage. I Barnehagelova § 2 heiter det: "*Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevselser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser.*" I Kunnskapsdepartementets Kunnskapsdepartementets merknader til barnehagelova er det som nemt fastsatt veiledende norm for inne- og utearealene:

- Inne: 4m² netto leke- og oppholdsareal for barn over 3 år og om lag 1/3 mer per barn under 3 år.
- Ute: Omlag 6 ganger leke - og oppholdsareal inne.

Det inneber at totalt uteopphaldsareal for denne barnehagen bør vera seks gonger 294 kvm². Det utgjær 1764 kvm². Det er krevjande å sjå for seg korleis det skal kunna løysast for alternativ 2B.

Det fins ikkje eigne statlege arealnormer for uteopphaldsareal på skular. Derimot kjem rapporten «Skolens utearealer – Om behovet for arealnormer og virkemidler» (Sosial- og helsedirektoratet, 2003) med ei rekke råd og forslag til størrelser for uteareal.

Tilrådingane i denne rapporten oppsummeres slik i barnehage- og skulebruksplanen frå Norconsult:

- Minimumsnorm på 50 m² netto uteareal per elev.
- Minimumsareal ved små skuler (færre enn 100 elever): ca. 5 000 m²
- Minimumsareal ved middels store skuler (mellom 100 og 300 elever): Ca. over 5 000 m² - 15 000 m²

Med utgangspunkt i tilrådingane vil ein skule i tilknytning til Vindafjordhallen då ha eit uteopphaldsareal på 5 000 m². For å få eit kvalitativt godt og samanhengjande uteareal tilrår HRP at delar av fotballbanen reknast inn som ein del av arealet i begge alternativa. For alternativ 2B vil det vera heilt naudsynt. I tillegg bør ein syta for variert og kreativ utforming av resten av utearealet, ettersom det i praksis vert avgrensa av tomtens størrelse. Dersom det ikkje er mogleg å få til eit samanhengjande og godt uteareal i direkte tilknytning til skulen kan ein vurdere å bruke dagens skuleareal som uteareal. Ei slik løysing vil medføre noko meir behov for gange for elevar og lærare, men vil på ein anna side kunne gi et langt større uteareal enn Vindafjordhall-tomten åleine.

Det er òg identifisert eit behov for å skilja bygdahusdelen og uteområdet for barnehagen og skulen. Dette for å sikra at ikkje oppvekstsenteret sitt uteområde blir brukt på kveldstid av vaksne som deltar på diverse arrangement. Hovudinngangen til bygdahusdelen er østvendt og dermed trekt vekk frå barnehage- og skuledelen av bygningsmassen. Samtidig er ikkje denne løysinga optimal fordi dei to bygningskroppane står tett mot kvarandre og dannar ein korridor utan direkte innsyn. Denne problematikken bør løysast dersom kommunen går vidare med denne løysinga, slik at det ikkje oppstår uønskte aktivitetar i den relativt skjulte korridoren. Her er det viktig å understreka at volumskissene i denne moglegheitsstudien sjølvsagt ikkje inneber løysingar for materialbruk eller endeleg plassering, og at problemstillinga kan la seg løyse med kloke arkitektoniske grep i den vidare prosessen.

Tilrådingane frå Sosial- og helsedirektoratet (2003) inneberer altså eit uteareal på omkring halvparten av fotballbanens areal for ein skule på rundt 50 elevar.

VURDERING AV DRIFT OG KONSEKVENSER FOR SPELEMIDLAR

I denne modellen vil bygget bestå av Vindafjordhallen og eit tilhøyrande oppvekstsenter. Det vil seie 1-7. trinn og ein barnehage. Medan skulen vil ha plass til omkring 50 elevar, vil barnehagen ha plass til 50-60

barn. Vår tilråding for modell 2 er i hovudsak den same som for modell 1 og 0. Ein foreslår at kommunen driftar symjehallen og skulen, medan partslagene driftar sitt eige bygdahus. Om barnehagen blir driven av kommunen eller ein privat aktør er av mindre betydning med mindre kommunen selger bygget til den eventuelle private aktøren. Då vil naturlegvis inntektene frå salet falla til kommunen.

Dersom ein legg opp til kommunal utbygging og kommunal ikkje-kommersiell drift av eit treningsbasseng er konsekvensene for spelemidlar slik:

INNENDØRS SYMJEBASSENG

Type	Storleik	Tal på banar	Banebreidde	Maks tilskot
Treningsbasseng	25 x 12,5m	6	2 m	Kr. 16 500 000

Tilleggselementer:	
Rullestolrampe	Kr 200 000
Garderobesett	Kr 500 000
Stup - 1m svikt, 3 m svikt og 5 m fast	Kr 2 000 000
<i>Totalt tilskot symjeanlegg</i>	<i>Kr 19 200 000</i>

INNENDØRS BASKETBALLHALL/«GYMSAL»

Type	Storleik	Høgde	Maks tilskot
Basketballhall	640 kvm	9 m.	Kr. 5 600 000

I dette alternativet vil det totale spelemiddelbeløpet vera 24 800 000.

MODELL 3 – INNKOMNE INNSPEL


Modell 3 viser moglegheiten for å gjenreise eitt bygg som baseres på løysingar som kjem fram av inkomne innspel. Her er inngangspartiet tenkt kombinert med café/kiosk og areal for symjehall er optimalisert. Eksempelvis er solariumsrom fjerna. Det er tatt inn eit opplærings/terapibasseng som vil halda høgare temperatur enn 25-meterbassenget (frå no av omtalt som treningsbasseng). I tillegg er det lagt opp til eit forsamlingslokale på til saman 300 kvadratmeter. Dette kan romma 500 personar utan faste plassar og 214 personar med stolar og bord. Det er inkludert fritidsklubb for ungdomar, i tillegg til at

SK Vats 94 sine behov for garderobar, klubbrom og kiosk er inkludert i romprogrammet. Ønsker om styrketreningsrom og klatrehall er lagt inn i romprogrammet, og det er laga eit eige lokale for e-sport.

NØKKELTAL FOR MODELL 3

INVESTERINGSKOSTNAD (MNOK):	153,97
INVESTERINGSKOSTNAD (MNOK INKL. SPELEMIDLAR OG MOMSKOMPENSASJON	104,2
VINDAFJORDHALLEN	109,02
KLATRETÅRN OG TERAPIBASSENG	44,94
INVESTERINGSKOSTNAD (NOK PER KVM)	48 645
ÅRSKOSTNAD LCC (MNOK)	8,41
POTENSIALE FOR SPELEMIDLAR	28 700 MNOK
FUNKSJONER I MODELLEN	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Symjebasseng (25 x 12,5m) inkl. garderober og opplegg for stup ▪ Terapibasseng (18,3 x 13,1 m) ▪ Aktivitetssal og scene ▪ Foaje tilrettelagt for kafe ▪ Fritidsklubb ▪ Klubblokaler for SK Vats ▪ Klatrehall ▪ Styrketreningsrom ▪ E-sport-lokaler

VOLUMSKISSE



ROMPROGRAM

SYMJEHALL MED TRENINGS- OG TERAPIBASSENG, BYGDAHUS, E-SPORT OG KLATREHALL		RO M	AREAL (M2)	SUM AREAL (M2)
Inngangsparti og fellesarealer	Inngangsparti (vindfang og foajé) 10m2 + 140m2	1	150	150
	Publikumstolett	2	2	4
	Publikums-HCWC	1	5	5
	Kiosk/kjøkken	1	40	40
	Lager ifbm kjøkken + fryserom	2	10	20
	Personalgarderobe med dusj og HCWC	2	25	50
	Kontor med SD-anlegg	1	10	10
	Møterom m/ skillevegg	2	13	26
	Spiserom med tekjøkken	1	10	10
		SUM	13	265
Drifts- og støtteareal symjehall	Vaktrom	1	10	10
	Lager vaktrom	1	5	5
	Reingjeringsentral	1	20	20
	Reingjeringsrom	2	5	10
	Avfallsrom	1	10	10
	Teknisk rom (under basseng)	1	800	800
	Teknisk rom (over basseng)	1	150	150
	Hovdtavle	1	12	12
	IKT	1	10	10
	Kjemikalierom	2	15	30
	Kontrollrom	1	5	5
	Instruktør/ lærergarderobe	3	5	15
	Toalett til instruktør/ lærer	2	2	4
	HC- instruktør/ lærergarderobe m. HCWC	1	10	10
	Garderobeareal (skap) for dommare/ lærer	1	5	5
		SUM	20	1064
Treningsbasseng	Treningsbasseng inkl. sikkerhetssoner (32,5 x 21,5 m)	1	699	699
	1 m svikt, 3 m svikt og 5 m fast	0	0	0
	Hev og senk bunn	0	0	0
	Garderober	2	40	80
	Dusjrom til garderober	2	20	40

gjennomgang av modell 0-4 5

	HCWC til garderober	1	5	5
	Toalett til garderober	1	2	2
	HC-WC symjebasseng	1	5	5
	Toalett symjebasseng	1	2	2
	Lager	1	10	10
	SUM	10	783	843
Terapibasseng (terapi)	Terapibasseng inkl. sikkerhetssoner (18,3 x 13,1 m)	1	240	240
	Rullestolrampe	1	8	8
	Hev og senk bunn	0	0	0
	Garderober	2	40	80
	Dusjrom til garderober	2	20	40
	HC-WC til garderober	1	5	5
	Toalett til garderober	1	2	2
	HC-WC symjebasseng	1	5	5
	Toalett symjebasseng	1	2	2
	Lager	1	10	10
		SUM	11	332
Bygdahus	Scene	1	50	50
	Scenegard	2	40	80
	Sal 1	1	200	200
	Sal 2	1	100	100
	Stollager under scenen	1	10	10
	Fleksible lokaler	1	90	90
	Fritidsklubb	2	120	240
	SUM	9	610	770
Klubblokaler idrett	Klubbrom	1	40	40
	Garderober	2	40	80
	Publikumstoletter fotballbane	2	2	4
	PublikumsHCWC	1	5	5
	Kiosk/kjøkken	1	20	20
	SUM	7	107	149
Nye aktivitets-/idrettsarealer	E-sport	1	50	50

	Klatrehall	1	120	120
	Styrketreningsrom	1	60	60
	SUM	3	230	230
TOTAL SUM		73	3391	3795

UTOMHUSAREAL

Modell 3 vil til liks med modell 1 og 2 innebera at store delar av tomta blir nytta til spesifikke funksjonar. Medan det for modell 1 og 3 inneber uteområde for barnehage og/eller skule, vil det i modell 3 innebera bygningsmasse. Det er likevel potensiale for å nytta større delar av tomta til uteopphaldsareal som til dømes park eller nærmiljøanlegg - med den konsekvensen at det blir færre parkeringsplassar. I så fall blir det anbefalt at parkeringsplassar blir erstatta av areal i området rundt dagens skule - eksempelvis ved å ta i bruk grusbanen. Gjennom brukar- og innbyggerinvolveringen vart me som nemnt gjort oppmerksomme på at området har behov for fleire tilhaldstader for ungdommar. Det er likevel ikkje vurdert i denne moglegheitsstudien, men er noko vi tilrår kommunen å sjå nærare på ved ein eventuell prosjektering.

VURDERING AV DRIFTSFORMER OG KONSEKVENSAAR FOR SPELEMIDLAR

I denne modellen vil bygget bestå av eit geografisk samla anlegg med symjehall med trenings- og terapibasseng, bygdahus, e-sport og klatrehall. Vår tilråding knytt til drift i modell 3 er i hovudsak den same som for modell 0, 1 og 2. Ein foreslår at kommunen driftar symjehallen, medan partslagene driftar sitt eige bygdahus. Det er mogleg å sjå føre seg ein kommersiell drift av anten klatrehallen eller styrketreningsanlegget – alternativt både og. Kommunen kan eventuelt henta inn innspel frå næringsaktørar i regionen for å undersøka om nokon skulla ønske å drifta klatrehall eller styrketreningsrom. Då er det i så fall viktig å ha med seg at moglegheitene for spelemidlar og momskompensasjon vil falle bort fordi innretninga då vil bli kommersiell.

I eit slikt scenario vil kommunen kunna bygga ut anlegget sjølv og så anbudsutsette drifta, selje ein seksjonert del av bygget eller la private aktørar bygga ut og drifta dei aktuelle funksjonane i bygget.

Dersom kommunen ønsker ei kommunal heilskapleg drift av anlegget vil det vera formålstenleg å drøfta opningstider og organisering med idretten.

Dersom ein legg opp til kommunal utbygging og kommunal ikkje-kommersiell drift av eit treningsbasseng er konsekvensene for spelemidlar slik:

INNENDØRS TRENINGSBASSENG OG TERAPIBASSENG

Type	Storleik	Tal på banar	Banebreidde	Maks tilskot
------	----------	--------------	-------------	--------------

gjennomgang av modell 0-4 5

Treningsbasseng	25 x 12,5m	6	2 m	Kr. 16 500 000
Terapibasseng	12,5 x 8,5 m	-	-	Kr. 4 000 000

Tilleggselementer:	
Rullestolrampe	Kr 200 000
Garderobesett x 2	Kr 1 000 000
Hev-/senkbare bunner og brygger	Kr 2 000 000
Sikkerhets-/overvåkningsutstyr	Kr 700 000
Stup - 1m svikt, 3 m svikt og 5 m fast	Kr 2 000 000
<i>Totalt tilskot</i>	<i>Kr 25 900 000</i>

INNENDØRS KLATREHALL

Type	Storleik	Høgde	Maks tilskot
Klatrehall	120 kvm	10 m.	Kr. 1 500 000

STYRKETRENINGSROM

Type	Storleik	Maks tilskot
Styrketreningsrom	60 kvm	Kr. 300 000

KLUBBLOKALER OG GARDEROBER - SK VATS

Type	Storleik	Maks tilskot
Garderober	80 kvm	Kr. 500 000

I dette alternativet vil det totale spelemiddelbeløpet vera 28 700 000.

MODELL 4 - 4A, B OG C - ALTERNATIV LØYSING

Modell 4 baserer seg på at konsulentbyrået står fritt til å koma med andre alternative løysingar.

Moglegheitsstudien skulle sjå på løysingar for den nye Vindafjordhallen i Vats. Ut frå besøkstal, anbefalt driftsform og driftskostnadar blir det anbefalt å ha eit bassenganlegg i kommunen. For ikkje å ta stilling til kor dette fellesanlegget skal liggje, legg modell 4A difor opp til eit geografisk uavhengig 25 meterbasseng og eit terapibasseng plassert i lag. Det opnar moglegheita for eit eventuelt interkommunalt samarbeid om eit eller begge bassenga. Det er i moglegheitsstudien gjort greie for korleis eit interkommunalt samarbeid vil gi auke i spelemiddeltfang.

Primærløysing i 4A består vidare av bygdahus, klubblokaler for idretten, e-sport, styrketreningsrom og ein basketballhall plassert på tomte til Vindafjordhallen. Basketballhallen/gymsalen er noko nedsenka i grunnen for å sikra at bygget verkar mindre ruvande enn om høgda til heile byggverket var over bakken.

Alternativet tek omsyn til Vats-bygda sitt behovet for bygdahus til sosiale arrangement og utleige med inntekter for partssлага. Romprogrammet for bygdahuset og tilleggsareala er i stor grad likt som alternativ 3, med unntak av klatreanlegget er bytta ut med baskethall.

I eit økonomisk perspektiv vil vi understreka at det er mogleg å driva basseng meir effektivt enn den opphavlege Vindafjordhallen vart drifta. Med effektiv drift blir meint fleire opne timar i løpet av ei veke. Basseng inneber høge straumkostnader og ei komplisert teknisk drift. Då er det avgjerande å sikra god utnytting av bassengkapasiteten til dømes ved å utvida opningstider og sikra god fordeling av bruken i tråd med reglar for momskompensasjon og spelemidlar.

Det er etter vårt syn mogleg å tilrettelegga for ei meir effektiv drift med eitt bassenganlegg i ein kommune på storleik med Vindafjord - enten det inneber eit interkommunalt samarbeid eller ikkje. Då vil bassenga kunne bli brukte frå morgon til kveld kvar dag, og ein kunne sikra god samanheng i drifta. I tillegg ville ei kommunal drift gjort det enklare for kommunen å tildela tida i tråd med eigne ambisjonar om vanntilvennlig og svømmeopplæring for barn i barnehagar og skular.

Vi tar i modell 4A ikkje stilling til kvar eit nytt basseng bør ligga. Sjølv om det er sterke og vektige argument for å plassera eit nytt bassenganlegg i Vats, kan det tenkast at kommunen burde ha ei meir overordna tilnærming til denne diskusjonen dersom ein skal investera i eit nytt anlegg. Både tilkomme for alle innbyggjarane til kommunen, besøkspotensiale, skysskostnader for barnehage- og skulebarn, tilgang på eventuell spillvarme frå andre anlegg og tomteforhold bør vurderast.

Vi er gjennom innbyggjar- og brukerinvolveringen gjort kjent med potensialet for å nytta spillvarme frå Fatland slakteri i Ølen. Dette er ei spennande moglegheit for å utvikla eit nyvinnande energikonsept for ein eventuell symjehall og noko som bør undersøkast. I tillegg peikar representantar for det kommunale helsetilbodet på avstand frå institusjonar og tilbod som viktig for at brukarane deira skal kunna nytta eit eventuelt terapibasseng. Frå deira side blir det peika på Ølen som ei meir tilgjengeleg plassering enn Vats.


NØKKELTAL FOR MODELL 4A

INVESTERINGSKOSTNAD (MNOK):	64,36
INVESTERINGSKOSTNAD (MNOK INKL. SPELEMIDLAR OG MOMSKOMPENSASJON)	53,06
VINDAFJORDHALLEN (KUN BYGDAHUS)	37,12
BASKETBALLHALL/ «GYMSAL»	27,24
INVESTERINGSKOSTNAD (NOK PER KVM)	32 248
ÅRSKOSTNAD LCC (MNOK)	4,99
POTENSIALE FOR SPELEMIDLAR	6 400 000 MNOK
FUNKSJONER I MODELLEN SOM Plasseres i VATS	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Aktivitetssal og scene ▪ Foaje tilrettelagt for kafe ▪ Klubblokaler for SK Vats ▪ Basketballhall/«gymsal» ▪ Styrketreningsrom ▪ E-sport-lokaler ▪ Fritidsklubb

NØKKELTAL FOR EIT GEOGRAFISK UAVHENGIG BASSENGANLEGG

INVESTERINGSKOSTNAD (MNOK):	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Minimum 71,9 mill. for bassengfasiliteter som i Vindafjordhallen. ▪ Terapibasseng og klatretårn som i modell 3 beløper seg til 44,94 mill.
GEOGRAFISK UAVHENGIGE FUNKSJONER I MODELLEN	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Symjebasseng (25 x 12,5m) inkl. garderober og opplegg for stup ▪ Terapibasseng (18,3 x 13,1 m)
POTENSIALE FOR SPELEMIDLAR	<p>26 400 000 MNOK</p> <p>Ved ein interkommunal løysing: 34 320 000</p>

VOLUMSKISSE



ROMPROGRAM

BYGDAHUS, KLUBBLOKALER OG E-SPORT		ROM	AREAL (M2)	SUM AREAL (M2)
Inngangsparti og fellesarealer	Inngangsparti (vindfang og foajé) 10m2 + 140m2	1	150	150
	Publikumstoalett	2	2	4
	Publikums-HCWC	1	5	5
	Kiosk/kjøkken	1	40	40
	Lager ifbm kjøkken + fryserom	2	10	20
	Personalgarderobe med dusj og HCWC	2	25	50
	Kontor med SD-anlegg	1	10	10
	Møterom m/ skillevegg	2	13	26
	Spiserom med tekjøkken	1	10	10
	Bygdahus	Scene	1	50
Scenegard		2	40	80
Sal 1		1	200	200

gjennomgang av modell 0-4 5

	Sal 2	1	100	100
	Stollager under scenen	1	10	10
	Fleksible lokaler	1	90	90
	Fritidsklubb	2	120	240
	SUM	22	875	1085
Klubblokaler idrett	Klubbrom	1	40	40
	Garderober	2	40	80
	Publikumstoletter fotballbane	2	2	4
	PublikumsHCWC	1	5	5
	Kiosk/kjøkken	1	20	20
	SUM	7	107	149
Nye aktivitets-/idrettsarealer	E-sport	1	50	50
	Styrketreningsrom	1	60	60
	SUM	3	230	120
SUM		32	1092	1344

BASKETBALLHALL	SUM AREAL (M2)
Gymsal (32 x 20 m)	640
Garderobesett 1	70
Garderobesett 2	70
Dommer/trener/lærer-garderobe x 2 (en tilpasset HC)	16
Lager	50
SUM nettoareal basketballhall	846

UTOMHUSAREAL

For alternativ A vil det vera store moglegheiter for eit kvalitativt godt uteområde. Bygga utgjer ikkje eit så stort fotavtrykk som i modell 2 og 3. Det betyr i praksis at det kan utarbeidast både nærmiljøanlegg, park eller andre funksjonar ein ser er formålstenlege. I tillegg vil ein ha noko fleksibilitet knytt til eventuell alternativ utnytting av parkeringsplassen, sidan den vil bli liggande uberørt i dette alternativet.

ALTERNATIVE TILNÆRMINGAR

Sjølv om oppdraget legg opp til ein modell frå konsulentanes side har vi hatt eit ønske om å framheva fleire alternative tilnærmingar.

Dei vil omtalast tekstlig under. Målet er å synleggjera kva fleire moglegheiter som finst når kommunen skal investera i viktige tilbod til barn og unge i kommunen:

5.1.1 ALTERNATIV 4B

Eit alternativ er å plassera dei kommunale funksjonane på den opphavlege tomta for Vindafjordhallen, altså skule, barnehage, gymsal og bassenganlegg. Det er utfordrande å få til ei god arkitektonisk tilnærming til både barnehage, skule, gymsal og treningsbasseng. I dette alternativet vil store delar av tomt bli tatt i bruk og det vil vera lite rom for fleire funksjonar. Det vil med andre ord innebera bare kommunale formål på tomta for Vindafjordhallen.

Ein fordel med ein slik innretning vil vera at ein samlar tilbodet til barn og unge éin stad og avgrensar biltrafikk inn i området. Ein kan dra vekslar på dei ulike tilsette og tenestane til barn og unge og tilrettelegga for god samhandling på tvers av tenestane.

På ei anna side vil alternativet innebera ein gåavstand på eit par hundre meter frå kyrkja til bygdahuset. I samband med arrangement og livshendelser som gjerne inneber at selskap skal opphalda seg både i kyrkja og bygdahuset, vil ei slik løysing måtte krevja tilgang på noko parkering utanfor kyrkja, eksempelvis HC-parkering.

Modellen vil ikkje innebera behov for mellombels løysing for barnehage- og skuleareal sidan barn og elevar kan nytta dagens barnehage og skule medan bygging pågår på tomta for Vindafjordhallen.

Dette alternativet vil sjølvstøtt avhengja av kva vedtak kommunestyret fattar i barnehage- og skulebrukplanen, og om det er eit ønske å behalda eit skuletilbod i Vats.

UTOMHUSAREAL

Utearealet vil måtte løysast på særskilte kreative måtar og fotballbanen må utgjera ein relativt stor del av I eit slikt scenario kan det vera ei moglegheit å plassera bygdahuset på eksisterande skuletomt eller grusbane. For alternativ 4B vil det ikkje vera rom for særleg opparbeidelse av utearealet utover det som naturlegvis vil gå til barnehagens og skulens uteopphaldsareal. Dersom ein kan ta i bruk den nye tomta som ligg ved sidan av som uteareal eller plassera utearealet på dagens skuletomt kan ein likevel få til tilstrekkeleg uteopphaldsareal til barnehage og skule.

5.1.2 ALTERNATIV 4C

Alternativ 4C inneber at basseng og bygdahus blir igjen bygt opp på eksisterande tomt, medan det blir bygt eit oppvekstsenter på dagens eksisterande skuletomt eller grusbane.

Det vil ikkje fråta Vats nokon kvalitetar eller funksjonar, og alternativet vil i stor grad vera i tråd med innspelet til Vats-bygda gjennom innbyggjar- og brukarinvolveringa. Alternativet vil til liks med alternativ 4B vera avhengig av vedtak om å fortsatt ha skule i Vats i barnehage- og skulebruksplanen.

Modellen vil innebera behov for mellombels løysing skuleareal sidan barn og elevar ikkje kan nytta dagens barnehage og skule medan bygging pågår på tomta. Det eit klart fordyrande element ved alternativ C samanlikna med alternativ B.

UTOMHUSAREAL

Modell 4C vil innebera moglegheitene for fleksible tilnærmingar til utearealet, sidan det bare vil vera eit fotavtrykk tilsvarande den opphavlege Vindafjordhallen som blir igjen bygt opp på tomta. Det betyr at moglegheitene for park, nærmiljøanlegg eller andre funksjonar kan vurderast. Uteareal for barnehage og skule kan løysast på dagens tomt. Ein fordel med denne modellen er at ein i lang mindre grad kan få trafikkale utfordringar knytt til mange funksjonar på eit lite areal.

VURDERING AV DRIFTSFORMER OG KONSEKVENSER FOR SPELEMIDLAR FOR MODELL 4A, B OG C

Bassenganlegget i dei tre alternativa er som nemnt tilnærma identisk med modell 3, sjølv om plasseringa kan variere. Vår tilråding knytt til drift i modell 4 er i hovudsak den same som for modell 0, 1, 2 og 3. Ein foreslår at kommunen driftar symjehallen, medan partslagene driftar sitt eige bygdahus. Det er mogleg å sjå føre seg ein kommersiell drift av styrketreningsanlegget. Kommunen kan eventuelt henta inn innspel frå næringsaktørar i regionen for å undersøka om nokon skulle ønske å drifta styrketreningsrom. Då er det i så fall viktig å ha med seg at moglegheitene for spelemidlar og momskompensasjon vil bortfalla fordi innretninga då vil bli meir eller mindre kommersiell.

I eit slikt scenario vil kommunen kunna bygga ut anlegget sjølv og så setje ut drifta, eller la private aktørar bygga ut og drifta den aktuelle funksjonen i bygget.

Dersom kommunen ønsker ei kommunal heilskapleg drift av anlegget vil det vera formålstenleg å drøfta opningstider og organisering med idretten.

I samsvar med dei statlege retningslinjene for tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet kan ein vurdere eit interkommunalt samarbeid og dermed vera aktuell for meir spelemidlar. Eit interkommunalt idrettsanlegg kan få eit tillegg på 30 % av ordinært tilskot føresett at følgjande vilkår er oppfylte:

«1. Anlegget er et større, kostnadskrevende anlegg, f.eks. svømmeanlegg eller idrettshall.

2. Det er inngått bindende skriftlig avtale mellom to eller flere kommuner om investering og drift. Avtalen må inneholde følgende elementer:

a. Hver deltagende kommune skyter inn minimum 5 % av anleggets godkjente kostnad i investeringstilskudd. Kommunenes tilskudd må dokumenteres.

b. Enten at hver deltagende kommune skyter inn minimum 5 % av anleggets faktiske driftskostnader i årlige driftstilskudd i 20 år. Driftstilskuddet kan ikke begrenses til et nominelt beløp gjennom 20-årsperioden.

Eller at hver deltagende kommune stiller garanti som dekker minimum 5 % av faktiske, årlige driftunderskudd for anlegget. Den som står som søker/anleggseier, skal stille garanti slik at den dekker hele driftunderskuddet etter fradrag for øvrig deltagende kommune(r)s garantidekning. Garantiene skal samlet dekke 100 % av faktiske, årlige driftunderskudd for anlegget i 20 år.»³

Med eit geografisk uavhengig alternativ vil ein kunne vurdere moglegheita for samarbeid med andre kommunar. I Etne blir det planlagt eksempelvis eit utandørs treningsbasseng i regi av stiftelsen Sjøkanten Trivsel. Det kommunale symjeanlegget i Etne er derimot frå 1969 og har behov for totalrehabilitering eller må erstattast med eit nybygg. I budsjett og økonomiplan for 2021-24 har Etne kommunestyre vedtatt oppstart av eit nytt symjebasseng med 1 mill. kr. i 2023 og 25 mill. kr. i 2024. Det er etter vår kjennskap ikkje planlagt terapibasseng i Etne kommune. Såleis kunne det vore interessant å avklara behovet og ynske for eit interkommunalt samarbeid om eit større symjeanlegg eller enkeltelemtenter, som terapibasseng. Dette kan vera aktuelt i både modell 3 og 4. Utan eit interkommunalt samarbeid om symjehall vil spelemiddeltilskotet kunne utgjera totalt 32 800 000 mill. kr for symjehalldelen av prosjektet. Med eit interkommunalt samarbeid om symjehall vil spelemiddeltilskotet kunne utgjera totalt 40 720 000 mill. kr.

Oversikt over potensielle spelemiddeltilskot utan interkommunalt samarbeid er attgitt under:

INNANDØRS TRENINGSBASSENG OG TERAPIBASSENG

Type	Storleik	Tal på banar	Banebreidde	Maks tilskot
Treningsbasseng	25 x 12,5m	6	2 m	Kr. 16 500 000
Terapibasseng	12,5 x 8,5 m	-	-	Kr. 4 000 000

Tilleggselementer:	
Rullestolrampe	Kr 200 000
Garderobesett x 2	Kr 1 000 000

³ Kulturdepartementet (2020). Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2020 (V-0732 B). Henta frå: [Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2020 \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no)

gjennomgang av modell 0-4 5

Hev-/senkbare bunner og brygger	Kr 2 000 000
Sikkerhets-/overvåkningsutstyr	Kr 700 000
Stup - 1m svikt, 3 m svikt og 5 m fast	Kr 2 000 000
Totalt tilskot basseng	Kr 26 400 000

INNENDØRS BASKETBALLHALL/«GYMSAL»

Type	Storleik	Høgde	Maks tilskot
Basketballhall	640 kvm	9 m.	Kr. 5 600 000

STYRKETRENINGSROM

Type	Storleik	Maks tilskot
Styrketreningsrom	60 kvm	Kr. 300 000

KLUBBLOKALER OG GARDEROBER – SK VATS

Type	Storleik	Maks tilskot
Garderober	80 kvm	Kr. 500 000

I dette alternativet vil det totale spelemiddelbeløpet vera 32 800 000.

6. OPPSUMMERING OG VURDERING AV ALTERNATIVENE

FUNKSJON	MODELL 0	MODELL 1	MODELL 2	MODELL 3	MODELL 4
INVESTERINGSKOSTNAD	109 MILL. NOK	141,1 MILL. NOK	201 MILL. NOK	153 MILL. NOK	64 MILL. NOK (+ 116 840 000)
INVESTERINGSKOSTNAD INKL. MOMSKOMP. OG SPELEMIDLAR	76,9 MILL. NOK	103,3 MILL	147,3 MILL. NOK	104,2 MILL. NOK	53 MILL NOK
TRENINGSBASSENG	X	X	X	X	(X)
TERAPIBASSENG				X	(X)
AKTIVITETSSAL	X	X	X	X	X
FRITIDSKLUBB	X	X	X	X	X
KAFÉ	X	X	X	X	X
SKULE			X		
KLUBBKONTOR	X	X	X	X	X
BARNEHAGE		X	X		
GYMSAL			X		X
KLATREHALL				X	(X)
STYRKEROM				X	X
E-SPORTLOKALER				X	X

* Modell 4 består både av geografisk definerte bygg, men også eit geografisk uavhengig bassengalternativ. Kostnad og funksjonar for det geografisk uavhengige alternativet framkjem av tabellen merka med klammer.

HRP fekk i oppdrag av kommunen å vurdere ulike modellar for utbygging på tomte der den tidlegare Vindafjordhallen stod. Tabellen over viser dei funksjonane som inngår i dei ulike modellane.

Oppdraget har hatt ei inkluderande tilnærming der målet har vore å lytta til flest mogleg innbyggjarar og få innspela deira. I tillegg hadde vi ei rekke førehandsdefinerte kategoriar som skulle sjåast på i oppdraget. Både driftsform, potensiale for spelemidlar, energikonsept, besøkspotensiale, utforming og tomteforhold er skildra generelt og fleire av temaa er vurderte spesifikt for dei ulike modellane.

Sidan det tidleg i prosjektet vart klart at det ikkje var ynskeleg å vurdere tilstanden av bassenget i Ølen eller vurdere dei to bassengløysingane opp mot kvarandre har det ikkje vore mogleg å gi noka god

vurdering av publikums- og besøkspotensiale. For å vurdere eit basseng i ein kommune og bruken av dette vil dette naturlegvis måtta sjåast i samanheng med det eine andre bassenget som eksisterer. Det er likevel gjort ei overordna vurdering av besøkspotensiale ut i frå inntektene og timeplanen for det opphavlege bassenget. Kjennskapen vår til Vindafjordhallen og bassengdrift generelt tyder på at ein kan drifta basseng betrakteleg meir effektivt enn det bassenget i Vindafjordhallen vart drifta. Med effektiv drift meiner vi blant anna kor mange timar i døgnet bassenget er i bruk. Sidan energikostnadar i stor grad kjem uavhengig av opningstid er det etter vårt syn nødvendig å sjå på korleis ein kan utnytta bassenget i best mogleg grad.

I tillegg var det opphavleg ønskeleg å sjå på konsekvensane for avgjerda rundt forsikringsaka. Sidan det ikkje er lagt fram ei løysing for dette førebels har det heller ikkje vore ein del av grunnlaget for moglegheitsstudien.

Kommunestyret i Vindafjord har nyleg fått framlagt forslag til barnehage- og skulebrukplan frå Norconsult. Behandlinga av denne er utsett på grunn av korona og i vente på moglegheita for å halda folkemøte. Etter vårt syn bør ein vidare prosess knytte til Vindafjordhallen kunne komma før behandling av barnehage- og skulebrukplanen. Dette fordi det i moglegheitsstudien identifiserer tydeleg tomte- og reguleringsmessige forhold som gjer at alle alternativ unntatt modell 0 må krevja dispensasjon eller omregulering. Dersom det er eit mål i seg sjølv med hurtigast mogleg gjennomføring vil modell 0 i praksis krevja mindre administrativt arbeid og potensielt mindre prosjektering sidan det gjeld detaljerte teigningar frå den opphavlege Vindafjordhallen. Samtidig har brukar- og innbyggearinvolveringa avdekt tydeleg betringpunkt som gjer at det ikkje er anbefalt å gå vidare med modell 0.

Driftsform er særleg nøye omtalt i rapporten. For kommunen bør det vera eit mål å sikra ein økonomisk berekraftig driftsmodell som står seg over tid og i møte med reglar for momskompensasjon og spelemidlar. Det betyr at vi i all hovudsak tilrår kommunal drift av typisk kommunale funksjonar som skule og idrettshall. Om kommunen skulle velja å leiga barnehagedelen til ein privat aktør er av mindre tyding for prosjektet, så lenge kommunen sikrar ei leigeinntekt som korrelerer med kostnadene knytt til utbygging og vedlikehald av barnehagen. Samtidig kan det vera føremålsteneleg med tanke på sambruk og drift å planlegga både ein eventuell barnehage, skule og gymsal/basketballhall i kommunal regi. Styrketreningsrom og klatrehall kan gjerne drivast kommersielt, men då må kommunen vera bevisst på at desse verken vil vera aktuelle for momskompensasjon eller spelemidlar - med dei økonomiske implikasjonane det får for utbyggingsprosjektet.

Som vist til i moglegheitsstudien er det tydelege retningslinjer knytt til mottak av spelemidlar og dermed plassen til idretten i anlegg som mottar spelemidlar. Samtidig er det avgjerande å sikra at bruken elles er i tråd med retningslinjene knytt til momskompensasjonsordninga. Det er kommunen som tilskotsmottakar

som har plikt til å sikra at drifta er i tråd med retningslinjene. Sjølv om Finansdepartementet ikkje har utarbeidd ein matrise som synleggjer "lovleg" del publikumstid opp mot tid brukt til idrett eller opplæring i bassenget, vil vi anbefala at Vindafjord kommune legg seg på eit konservativt nivå publikumstid. Det er òg viktig å understreka vurderingane knytt til arten og finansieringa til bassenget. Tolkinga vår av Finansdepartementets brev er som følgjer:

- Vindafjordhallens art må vera sosial. Hensikta med symjehallen må vera opplæring i symjing av barn og ungdomar, helsesymping og eit tilbod til idretten – ikkje publikumsbading eller anna kommersiell aktivitet.
- Inntektene frå publikumsbadinga må ikkje overstiga driftsutgiftene knytt til å halde symjehallen ope i same tidsrom. Det betyr at billettprisane må haldast på eit symbolsk nivå og vera eit avgrensa vederlag.

Helsetenestene i kommunen er tydelege på behovet for betre universell tilpasning i eit nytt basseng - og det har gjennom arbeidet med moglegheitsstudien komme fram at fleire brukargrupper synest vatnet i det opphavlege bassenget var for kaldt. Det er ei vanleg problemstilling knytt til bassengdrift. Ordinære badegjester, spedbarnog personar med helsemessige utfordringar ynsker seg gjerne varmare vatn, medan dei som trenar og idretten har behov for kaldare vatn for å yta optimalt. Denne problemstillinga kunne kommunen løyst ved å bygga både treningsbasseng og terapibasseng.

Kalkylane for dei ulike løysingane er som nemnt svært usikre på eit så tidleg tidspunkt og vil avhenga av ei lang rekke faktorar som ikkje er tatt stilling til endå. Eit basseng er eit av dei meir kompliserte og kostbar byggverka ein kommune kan bygga. Det bør dermed vurderast nøye kva funksjonar ein ser for seg at ein treng i bassenget og i tilknytning til anlegget. Dersom kommunen eksempelvis uansett vil ha behov for eit terapibasseng på sikt vil det vera rasjonelt å bygga det samtidig som ein bygger eit ordinært bassenganlegg. Det er komplisert, tidkrevjande og kostbar å driva eit basseng - og det er ei stor investering for ein kommune. Derfor bør kommunen sikra gode og gjennomførbare vedlikehaldsplanar dersom ein veljar å investera i eit nytt basseng.

Det er vanskeleg å ta stilling om det er økonomisk fornuftig å bygga ny skule og barnehage, og dermed om modell 1 eller 2 er kloke og gå vidare med - all den tid oppdraget vårt ikkje har innebært ein kritisk gjennomgang av forslag til barnehage- og skulebrukplan. Likevel vil vi understreka at dersom kommunestyret vedtar at det skal vera ein barnehage og/eller ein skule lokalisert i Vats - og tilstanden på dei eksisterande bygga betyr at det burde byggast nytt, så er det gode argument for å samlokalisere desse funksjonane.

6.1 FORSLAG TIL BRUK AV SYMJEHALL

Tabellane under viser ein potensiell bruk av eit 25 meters basseng og eit opplærings/terapibasseng som er i tråd med reglane for spelemidlar og momskompensasjon. Med det meiner vi at publikumstida er minimal, samanlikna med opplærings- og helseformål.

Hovudhensikten med symjebassengene er å vera til for symjeopplæring, idretten og helsesymping – ikkje publikumsbading. Inntektene frå publikumsbadinga må ikkje overstige driftsutgiftene knytt til å halde symjehallen ope i same tidsrom. Det betyr at billettprisane må haldast på eit symbolsk nivå og vera eit avgrensa vederlag.

Treningsbasseng

	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
07.00-08.00	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett		
08.00-09.00	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett		
09.00-10.00	Skole	Skole	Skole	Skole	Skole		
10.00-11.00	Skole	Skole	Skole	Skole	Skole	Publikum	Publikum
11.00-12.00	Barnehage	Skole	Skole	Skole	Skole	Publikum	Publikum
12.00-13.00	Barnehage	Skole	Skole	Skole	Skole	Publikum	Publikum
13.00-14.00	Barnehage	Pensjonist	Skole	Skole	Skole	Publikum	Publikum
14.00-15.00		Pensjonist				Publikum	Publikum
15.00-16.00		Pensjonist				Publikum	Publikum
16.00-17.00	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett
17.00-18.00	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett
18.00-19.00	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett	Publikum		
19.00-20.00	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett	Publikum		
20.00-21.00	Idrett	Idrett	Idrett	Idrett	Publikum		

Terapibasseng

	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
09.00- 10.00	Helse	Helse	Helse	Helse	Helse		
10.00-11.00	Helse	Helse	Helse	Helse	Helse	Publikum	Publikum
11.00-12.00	Helse	Helse	Helse	Helse	Helse	Publikum	Publikum
12.00-13.00	Barnehage	Barnehage	Barnehage	Barnehage	Barnehage	Publikum	Publikum
13.00-14.00	Barnehage	Barnehage	Barnehage	Barnehage	Barnehage	Publikum	Publikum
14.00-15.00	Helse	Helse	Helse	Helse	Helse	Publikum	Publikum
15.00-16.00	Helse	Helse	Helse	Helse	Helse	Publikum	Publikum
16.00-17.00	Helse	Helse	Helse	Pensjonist	Publikum	Helse	Helse
17.00-18.00	Helse	Helse	Helse	Pensjonist	Publikum	Helse	Helse
18.00-19.00	Helse	Helse	Helse	Pensjonist	Publikum	Helse	Helse

7. TILRÅDINGAR

- Oppfatninga vår er at kommunen ville vore tent med eitt samla, større bassenganlegg i kommunen - som både inkluderte eit treningsbasseng og eit terapibasseng. Bassenget i Ølen er eit eldre anlegg, og eit eventuelt nytt samla bassengtilbod bør kunne erstatta både bassenget i Ølen og bassenget i Vindafjordhallen. Dersom ein vedtar å bygga eit samla bassenganlegg i kommunen bør det inkludera eit terapibasseng. I tillegg vil ein ved ei samla løysing dra vekslar på dei same tilsette og kompetansen knytt til drift av bassenget, i staden for å drifta fleire ulike basseng i kommunen.

Det er ei tydeleg oppfatning blant intervjuobjekta og innbyggerane at det opphavlege bassenget ikkje var godt nok universelt tilpassa. I tillegg vart det opplevd som mindre brukarvennleg for enkelte grupper på grunn av vass temperatur. Med terapibasseng vil tenestane i kommunen knytt til rehabilitering og habilitering, tenestar til eldre, og dessutan yngre barn kunne bada meir komfortabelt.

Det kan vera ei utfordring å nytta det ordinære bassenget til enkelte grupper ved behov for avstenging og ekstra reinsing av vatnet. Denne moglegheita vil ein få ved å ha eit terapibasseng og eit treningsbasseng.

Eit terapibasseng vil utan tvil fordyra prosjektet til kommunen. Samtidig blir befolkninga både i Vindafjord og resten av landet stadig eldre - og tilrettelegging for aktivitetstilbod for innbyggerar i alle aldrar og med ulikt funksjonsnivå er eit viktig omsyn. Vi tilrår at kommunen går i dialog med omkringliggande kommunar om behova deira og vurderer eit interkommunalt samarbeid om eit nytt bassenganlegg med både trenings- og terapibasseng. Uavhengig av om det blir bygt eitt samla bassenganlegg i kommunen eller om ein vedtar å bygga opp igjen den opphavlege Vindafjordhallen er den klare oppmodinga vår at kommunen driftar anlegget. Dette tilrår vi både for å sikra at regelverket for momskompensasjon og spelemidlar blir varetatt, men òg fordi kommunen sannsynlegvis då enklare kan vareta behovet for langsiktig vedlikehold av bygget.

- Det blir anbefalt at kommunen sjølv driv dei typisk kommunale funksjonane i eit nybygg - herunder symjebasseng, skule og gymsal. Då kan det søkast både momskompensasjon og spelemidlar, og ein kan oppnå stordriftsfordeler gjennom eksempelvis byggdriftenester og reingjering. I tillegg er det lite sannsynleg at nokon vil vera i stand til å driva eit enkelt bassenganlegg på kommersielle vilkår eller skulle ønske å bygga ut eit slikt anlegg. Då vil det vera langt meir økonomisk gunstig for kommunen å sjølv bygga ut og søka aktuelle statlege ordningar, enn å bygga ut sjølv og så setja ut drifta på kommersielle vilkår. Då ville ikkje prosjektet kvalifisert til spelemidlar eller momskompensasjon, og den økonomiske belastninga for kommunen ville vorte betrakteleg større.

- Dersom kommunen vel å etablere ein barnehage i tilknytning til prosjektet kan det vurderast om denne bør etablerast i privat regi. Då vil i så fall kommunen kunna bygga ut barnehagen for så å selja han til marknadspris.
- Viss ein konkluderer med at det skal byggast eit oppvekstsenter med både barnehage og grunnskule for 1.-7. trinn er den klare oppmodinga vår at begge funksjonane bør vera kommunale. Dette for å sikra uproblematisk deling av ressursar, funksjoner og rom. Sidan vi tilrår ei kommunal driftsform vil vi òg anbefala at kommunen gjennomfører ein behovs- og publikumsanalyse som ser bassenget i Ølen og i Vindafjord i ein samanheng. Reisetid, skysskostnader og potensielle tomter i kommunen bør kartleggast og vurderast.
- Dersom prosessen fram mot endeleg vedtak skulle resultera i ei anna plassering enn Vats er det oppfatninga vår at ein likevel må sikra bygdahus og enkelte funksjonar for barn og unge i Vats - slik modellen vår 4A gjer klart. Det er viktig for innbyggjarane i Vats å ha ein stad å samlast til små og store hendingar i livet, og bygdahuset har innehatt den viktige funksjonen fram til det brann. Samtidig er fleire tydelege på behovet for ein stad ungdommane i bygda kan samlast, og her kjem idrettshallen og eit funksjonelt uteområde inn i bildet. Derfor tilrår vi at kommunen uavhengig av løysing for basseng bygger opp igjen bygdahuset i Vats.
- Kommunen blir tilrådd å sjå på moglegheita for å flytta ein eller fleire funksjonar til tomta ved sida av Vindafjordhallen-tomta som er vurdert i denne moglegheitsstudien. Sannsynlegvis er potensialet for eit meir stadsstilpassa og kvalitetsmessig god utbygging stor dersom ein kan ta i bruk meir areal enn Vindafjordhallen-tomten.

